SOGNDAL KOMMUNE

ÅRSMELDING 2012

Vedteken i kommunestyret den 25.04.13

1 Innleiing **2**
2 Hovudtal for økonomi **6**
2.1 Driftsrekneskapen *6*
2.2 Investeringsrekneskapen *9*
2.3 Analyse av hovudtal *9*
3 Tenesteeiningane **15**
3.1 Kultur *15*
3.2 Plan og næring *17*
3.3 Kommunalteknikk *19*
3.4 Barn og unge *20*
3.5 Helse og sosial *23*
3.6 Pleie og omsorg *26*
3.7 Barnehagar *30*
3.8 Fjærland oppvekstsenter *33*
3.9 Norane oppvekstsenter *34*
3.10 Kaupanger skule *36*
3.11 Trudvang skule *37*
3.12 Kvåle skule *39*
3.14 Tverrgåande områder *41*
3.14.1 Støtteeining Tenestetorg/IKT 41
3.14.2 Støtteeining økonomi og personal 42
3.14.3 Fag og utvikling 52
3.14.4 Politisk verksemd 54

Vedlegg:
1. Årsmelding kraftfond II

1 Innleiing

Årsmeldinga skal vise om administrasjonen har gjennomført dei resultatmåla som kommunestyre har vedteke for 2012, og om det har skjedd innafor dei økonomiske rammene som kommunestyre har gjeve. Årsmeldinga og årsrekneskap er rådmannen sin rapport til kommunestyret.

I kap. 2 viser vi hovudtala for økonomien, drift og investeringar og vi gir ein analyse over hovudtala. I kap. 3 viser vi økonomisk resultat på alle driftseiningane og måloppnåing i forhold til resultatmåla for kvar eining. I vedlegg 1 ligg årsmelding for kraftfond II. I resten av kap.1 følgjer rapportering i forhold til 10 på topp områda for 2012:

1. **Vi skal vidareutvikle fornyingsarbeidet i kommunen ved m.a. å etablere eit kvalitetssystem for alle tenester og forvaltning i kommunen, knyte fagsystem til nytt løns- og økonomisystem og etablere ei felles ordning for kompetansekartlegging. Vi skal også gjennom eit politisk arbeid vurdere konsekvensar for samanslåing av Leikanger kommune og Sogndal kommune.**

   Arbeidet med å etablere eit kvalitetssystem er sett i gang i alle delar av kommunen og omfattar tenesteomtalar, prosedyrar, relevante planar og lover, og system for avviksmelding, risikoanalyse og internkontroll. Kommunen vart vald til å delta i KS sitt utviklingsnettverk om «Rådmannen sin internkontroll», og vi har delteke i 4 nettverksamlingar. Arbeidet med å knyte fagsystem til nytt løns- og økonomisystem er sett i gang innfor skule, barnehage og pleie og omsorg og vil verte ferdigstilt i 2013. Det er lagt til rette for innføring av felles ordning for kompetansekartlegging.

   Leikanger kommune har gjort vedtak om ikkje å gå vidare med å greie ut konsekvensar for samanslåing av Leikanger kommune og Sogndal kommune, og det er såleis ikkje grunnlag for å arbeide vidare med kommunesamanslåing no.

2. **Vi skal følgje opp samhandlingsreforma ved å planlegge utbygging av helse- og omsorgstenestene i kommunen, slik at kommunen sjølv kan levere tenester som vi skal ta over frå spesialisthelsetenesta, m.a. ved å styrkje det førebyggjande helsearbeidet og auke kompetansen innan helse- og omsorgstenestene og planlegge utbygging av helse- og omsorgstenestene. I utgreiingsarbeidet må vi ta i bruk all kunnskap om førebyggande helsearbeid og aldring med meir, inkludert den erfaringsbaserte kompetansen**

   Kommunestyret har vedteke planleggingsgrunnlaget (investeringsramme, romprogram og utbyggingstomt) for utbygging av Sogndal omsorgssenter, jf. k-sak 0013/12. Dette vedtaket er lagd til grunn for arbeidet med reguleringsplan for området. Framlegg til reguleringsplan vart sendt på høyring i 2012. På bakgrunn av vedteken reguleringsplan vil det bli gjennomført arkitektkonkurranse og prosjektering av utbygginga i 2013. Brukarar representert ved eldrerådet og rådet for funksjonshemma, medarbeidarar og tillitsvalde vil bli trekt inn også i den vidare planlegginga.

   Nye verkemiddel i 2012 innafor samhandlingsreforma er inngåing av avtalar med Helse Førde, ansvar for utskrivingsklare pasientar, medfinansiering av spesialisthelsetenesta og innfasing av tilbod i kommunane om øyeblikkeleg hjelp. Kommunestyret har vedteke alle avtalar med Helse Førde som vi etter lova skal inngå i 2012. Vi har i 2012 teke i mot alle utskrivingsklare pasientar på utskrivingsdatoen. Vi har eit høgare forbruk knytt til medfinansiering av spesialisthelsetenesta enn dei tilførde statlege midla.

   Vi har søkt om og fått midlar til etablering av tilbod om øyeblikkeleg hjelp. Tilbodet vart etablert 1. desember 2012. Vi har auka tal kommunale legetimar knytt til dette tilbodet, og vi har inngått avtale med fastlegane om vaktordning for tilbodet om ø-hjelp. Kompetansen er auka, m.a. ved utdanning av sjukepleiarar i akuttsjukepleie.

Det førebyggjande helsearbeidet er styrkja ved at alle tenesteeiningar har som resultatmål for 2012 å gjennomføre to nye folkehelsetiltak. Vidare er det interkommunale prosjektet i lag med kommunane Luster og Leikanger søkt vidareført med eitt år, og Helsedirektoratet har løyvd kr. 400 000 for andre året. Prosjektet har i 2012 m.a. lagd grunnlag for etablering av ein felles frisklivssentral for desse kommunane i 2013.

Vi har deltake i forstudie om lokalmedisinsk senter ved Lærdal sjukehus og kommunestyret har i sak 26/12 gjort vedtak om deltaking i delprosjekt 2 (fagnettverk) og delprosjekt 3 (standardiserte pasientløp) i forprosjektet. Det har ikkje i 2012 vore aktivitet i delprosjekt 2 og 3 etter at kommunestyra har gjort vedtak om deltaking i forprosjektet.

3. **Vi skal følgje opp strategisk skuleplan og strategisk plan for barnehagar og gjennomføre eit utviklingsprogram for barnehageleiarar og ha vurdert om det skal etablerast ei interkommunal ordning knytt til barnehage- og skuleutvikling.**

   Dei ulike satsingsområda i strategisk skuleplan og strategisk plan for barnehagar er konkretisert i skulane og barnehagane sine verksemdsplanar, og det er utarbeidd konkrete mål for læringsresultat og trivsel i økonomiplanen. Alle skulane deltek i relevante fagnettverk, og det er etablert regionale nettverk for barnehagesektoren. Til saman 22 styrarar/pedagogar frå alle barnehagane i kommunen har gjennomført eller er i ferd med å gjennomføre leiarutdanning. Ordførar, varaordførar og kommunalsjef deltek på KS sitt nettverk «Den gode skuleeigar».

   Sogn regionråd har lagt til rette for vidareføring av «Sats på skulen – Snu Sogn» ved å etablere eit varig regionalt barnehage- og skulesamarbeid frå 01.01.13. Alle dei 8 kommunane i regionrådet har slutta seg til framlegget. Sogndal kommune legg til grunn at utviklingsarbeid innan spesialpedagogikk vert det viktigaste arbeidsfeltet i vidareføringa.

4. **Vi skal som vertskommune leggje til rette for fullføring av Sogndal vidaregåande skule og sentralbygget til Høgskulen i Sogn og Fjordane, inkl. sal av gymnasbygget frå fylkeskommunen til Statsbygg, og bidra til oppgradering av del II på Kvåle stadion, slik at Fosshaugane Campus framstår som eit fylkessenter for utdanning, forsking og idrett. Vi skal og bidra til auka samhandling mellom partane på Fosshaugane Campus for å løyse ut potensialet for innovasjon og nyskaping.**

   Første byggetrinn for Sogndal vidaregåande skule er bygd ut, og uteområdet er opparbeidd i 2012. Sentralbygget vart opna til studieåret 2012/2013, med offisiell opning 5. november. Fylkeskommunen og HSF har laga ei felles fråsegn som seier at målsettinga er at HSF skal kjøpe Gymnasbygget, sjølv om dette ligg noko fram i tid. Avtalar mellom Sogndal Fotball AS og kommunen legg til rette for oppgradering av del II på Kvåle stadion, m.a. med oppgradering av løpebana. Arbeidet vil etter planen bli gjennomførd i 2012. Styringsgruppa for Fosshaugane Campus og kreativt campusseminar er arena for auka samhandling mellom partane på Fosshaugane Campus.

5. **Vi skal gjere strandsona i Sogndal sentrum tilgjengeleg for allmenta ved å leggje til rette for allmenn bruk av friluftsområda på Hagelinnesa, leggje til rette for næringsutvikling og auka sjønær aktivitet, byggje ny bru over Sogndalselva og fullføre fjordstien frå Hagelinnesa til næringsområdet på Nestangen.**

   Det sjønære friområdet frå badelaguna til elveosen og langs Sogndalselva på sørsida vil bli opparbeidd i samband med utbygging av Sjøkanten og utbygging av fjordenergi og VA-anlegg hausten 2012 og fram til sommaren 2013. Fjordstien og elvepark frå Quality Hotel Sogndal til ny Loftesnesbru er ferdig prosjektert. Arbeidet med sikring av grunn i dette området er vidareført med utarbeiding av kostnadsoverslag, løyving på 3 mill. kroner frå Direktoratet for naturforvaltning og forhandlingsmøte med alle berørte grunneigarar. Kommunestyret har handsama oreigningssaka, jf. k-sak 56/12, og arbeidet med avtalar med grunneigarane vil gå parallelt med førebuing av oreigningssak for dei

grunneigarane som vi ikkje får avtale om frivillig skjønn. Fjordsti rundt Nestangen vil verta bygd ut i samband med ny Loftesnesbru.

6. **Vi skal planleggje ny gravlund ved Kaupanger stavkyrkje og bidra til å etablere samarbeidsordning knytt til stavkyrkja og tilhøyrande verneområdet. Vi skal lage ein plan for utviding av industriområdet med ein framtidsretta infrastruktur.**

   Ny gravlund ved Kaupanger stavkyrkje er planlagd. Før reguleringsplan kan vedtakast endeleg må det gjennomførast registrering av kulturminne. Skogen er hogd, og kartlegginga av kulturminne er gjennomført. Når rapporten frå kartlegginga ligg føre, kan reguleringsplanen vedtakast. Vi har teke initiativ til møte for å drøfte samarbeidsordningar knytt til verneområdet ved stavkyrkja. Plan for utviding av industriområdet vil bli drøfta i samband med revisjon av arealdelen av kommuneplanen.

7. **Vi skal gjennomføre plan for opprusting av Mundal sentrum i samarbeid med Bygdeutvalet i Fjærland og arbeide for gode trafikkløysingar for nytt kryss rv 5/veg til industriområdet.**

   Kostnadene ved opprusting av Mundal sentrum er langt høgare enn avsette midlar. Det vart i samband med økonomplan 2013-2016 avklart at prosjektet skal gjennomførast i 2013 innafor dei avsette midla.

   Det er gjennomført hydrologiske vurderingar knytt til Storeelvi i samband med reguleringsplan for nytt kryss rv5/veg til industriområdet. Vi har vurdert ulike brukonstruksjonar, mv. for at høgd på brua ikkje skal verta for høg i høve til nivået på vegbana, og det er avklara at reguleringsplanarbeidet kan halde fram. Det har vore drøftingar med Bygdeutvalet i Fjærland og Statens vegvesen om ei justering av plassering av brua, slik at jordbruksarealet på austsida av elva vert mindre berørt.

8. **Vi skal leggje til rette for å bygge ny Loftesnes bru med tilhøyrande gangvegar og grøntanlegg. Vi skal vedta ein sykkelplan for sentrum og ein reguleringsplan med miljøprofil for Gravensteinsgata. Eit langsiktige mål er å få etablert eit miljølok i Gravensteinsgata.**

   Vi har arbeidd for å få ei startløyving for ny Loftesnes bru inn i statsbudsjettet for 2013. Det har vi lukkast med, og det er sett av 10 mill. kroner til oppstartsløyving i 2013.

   Framlegg til sykkelplan er lagd ut på høyring. Planen vil bli innarbeidd i revidert arealdelen av kommuneplanen. Reguleringsplan med miljøprofil for Gravensteinsgata vil inngå som del av ein områdereguleringsplan for sentrum.

9. **Vi skal medverke til å vidareutvikle Sogndalsdalen til eit velfungerande rekreasjons- og turområde for allmenta og eit attraktivt reiselivsmål basert på området sine unike natur- og kulturkvalitetar, med auka hyttebygging, og utbygging av Sogndal skisenter. Vi skal medverke til å vidareutvikle Fjellsportfestivalen til å bli ein leiande og levedyktig festival innafor sitt område, med fokus på kunnskap, opplevingar og kultur.**

   Vi har hatt fleire møter med Sognefjorden Utvikling AS for å avklare grunnlaget for utbygging av hytter, heisanlegg m.v. i Hodlekve. I dette arbeidet har det også vore brei kontakt med Sogndal skisenter. Sognefjorden Utvikling AS har no inngått avtalar med grunneigarane om utbygging av området. Det er inngått aksjonær- og emisjonsavtale mellom Sognefjorden Utvikling AS og Sogndal Skisenter AS om utvikling av anlegga i Hodlekve. Kommunestyret har gjort vedtak om utbyggingsavtale mellom Sognefjorden Utvikling AS og Sogndal kommune for veg, vatn og avløp knytt til gjeldande reguleringsplan, jf. k-sak 58/12. Sognefjorden Utvikling AS har også signalisert at dei ønskjer å starte arbeidet med ny reguleringsplan i området, for m.a. leggje til rette for nye heisløysingar og auka volum for hyttebygging.

I samarbeid med Bratt Moro AS er det utarbeidd reguleringsplan for utfartsparkering ved Gunnvordalen, og gjennomføringa av planen er kome godt i gang. Fjellsportfestivalen vart gjennomførd i februar med god deltaking. I september vart festivalen Fjell- og fjordmoro gjennomførd.

10. Vi skal gjennom aktivt eigarskap i kulturhusselskapa og i samarbeid med brukarane medverke til auka kulturaktivitet i Sogndal Kulturhus. Sogndal Kulturhus skal også i framtida framstå som eit kulturhus for heile regionen.

Vi har i samarbeid med Sogndal eigedomsselskap arbeidd for å auka omfanget av areal for kulturaktivitetar i kulturhuset. Vi vil inngå leigeavtale for Sogn Kulturskule i kulturhuset. Det har vore drøftingar mellom Sogndal Kulturhus AS og eigedomsselskapet om ein leigeavtale for eit utvida areal for deira føremål i kulturhuset, med utbygging av kinosal 3, utvida kiosk-areal og sambruk av kantinearealet i første etasje. Kommunestyret har drøfta sentrale verdiar for kulturhuset, og sendt desse over til Sogndal Kulturhus AS.

2 Hovudtal for økonomi

I kapitla for økonomi vert det lagt vekt på å kommentere avvik i rekneskapen mot revidert budsjett, og sentrale trekk i utviklinga for hovudtal i rekneskap og balanse 2.1

2.1 Driftsrekneskapen

Det vert vist til følgjande oppstillingar i rekneskapen: Økonomisk oversikt drift og rekneskapsskjema 1A og 1B. Kommunen har eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3 3 77 000 Tabellen nedanfor viser avvik for kvar tenesteeining og avvik for generelle postar som ikkje er knytt til teneste- eller støtteeiningane. Avvik for den enkelte teneste-/støtteeining vert forklart i kap. 3.

Hovudtal frå driftsrekneskapen (i heile 1000)

Tenesteområde	Mindreforbruk	Meirforbruk
Kultur	120	
Plan og Næring		694
Kommunalteknikk	149	
Barn og unge	1258	
Helse og sosial		1854
Pleie og omsorg		2536
Barnehagar		220
Fjærland oppvekstsenter	233	
Norane oppvekstsenter	210	
Kaupanger skule		226
Trudvang skule	26	
Kvåle skule	226	
Støtteeining økonomi og personal	720	
Støtteeining tenestetorg og IKT	428	
Fag og utvikling	356	
Politisk verksemd		59
Kyrkjeleg fellesråd		8
Meir/mindreforbruk før avsetjing til fond	**3 726**	**5 597**
Avsett til fond tenesteeiningane		**3 418**
Meir/mindreforbruk etter avsetjing til fond		**5 289**
Skatt	2 795	
Rammetilskot, inntektsutjevning	828	
Eigedomsskatt	71	
Netto renter	1 343	
Avdrag	286	
Avkastning/tap verdipapirfond	394	
Momskompensasjon investering	1 103	
Utbyte og eigaruttak		
Andre tilskot og overføringar	440	
Overføring til investeringsrekneskapen		718
Avsetjing fond	417	
Bruk av fond	25	
Lønsoppgjer inkl. pensjon og arb.avg	437	
Premieavvik, bruk av premiefond inkl. arb.avg	1 138	
Avsetjing lærlingar og bruk av bil i teneste	107	
Meir/mindreforbruk hovudtal	**9 384**	**718**
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	**3 377**	

I samsvar med fullmakta til rådmann er det avsett til fond for einingar med mindreforbruk. Før avsetjing av årets mindreforbruk til fond har einingane eit samla meirforbruk på i underkant av 1,9 mill. Dette noko meir enn fjoråret der det samla meirforbruket var på 1,2 mill. Mindreforbruk på einingane som er avsett til fond går fram av note 16 i årsrekneskapen.

Skatt og rammetilskot
Skatt på inntekt og formue og rammetilskot vert budsjettert etter prognose frå KS. Med grunnlag i prognosemodellen var det budsjettert med skatteinntekter kr.144,63 mill. Budsjettet var oppjustert med 4,1 mill. etter revidert nasjonalbudsjett. Samla skatteinntekter for 2012 vart på 151,53 mill. dvs. ei meirinntekt i forhold til revidert budsjett på kr. 2,78 mill. Det er vekst i norsk økonomi, høg sysselsetjing og eit noko høgare lønsoppgjer enn føresett i statsbudsjettet som er noko av grunnlaget for dei auka skatteinntektene. I tillegg har Sogndal hatt ei god folketalsutvikling i 2012.

Rammetilskotet var budsjettert med kr.175,14 mill. og oppjustert etter revidert nasjonalbudsjett til kr.175,65 mill. Inntektsført rammetilskot vart på 176,48 mill. som gir ei meirinntekt på kr.0,83 mill.

Eigedomsskatt
Inntekter frå eigedomsskatt var på totalt 19,7 mill. og er nokon lunde i samsvar med revidert budsjett. Inntektene fordeler seg med 8,9 mill. for verk og bruk, 3,8 mill. for næring og 7,0 mill. for anna fast eigedom.

Renter
I økonomiplan var det budsjettert med ein gjennomsnittleg rentesats på 3,25 % både for bankinnskot og for lån. Kommunen har størstedelen av låna i Kommunalbanken, jf note 12 i årsrekneskapen. Ved inngangen til 2012 var renta på lån i Kommunalbanken 3,15 % og ved utgangen av året var renta 2,26 %. Lågare rente enn budsjettert gir eit mindreforbruk på netto renter på kr. 1,34 mill. Renter på lån er kr.1,1 mill. mindre enn budsjettert, renter på bankinnskot er kr.290 000 meir enn budsjettert og renter på utlån er kr. 50 000 mindre enn budsjettert.

Avdrag
Det er betalt kr. 286 000 mindre i avdrag enn budsjettert. Dette skuldast at låneopptak vart gjort seint på året og at det dermed vart kun ein avdragstermin på det nye lånet i 2012.

Avkastning verdipapirfond
I økonomiplan var det budsjettert med ei gjennomsnittleg avkastning på 2,5 % som i sum utgjorde kr. 780 000. Det har vore ein positiv utvikling i finansmarknaden gjennom heile 2012 For kommunen vart det eit overskot ved utgangen av året på om lag 1,17 mill. kroner. Det vil sei ei meirinntekt på kr. 0,39 mill.

Utbyte og eigaruttak
Utbyte er kr 200 000 frå Sentrumsbygg AS og 3,73 mill. frå Sognekraft AS. Dette er om lag som budsjettert.

Mva-kompensasjon investering
Meirinntekter mva-kompensasjon vart kr.1 103 000. Mva-kompensasjon investeringar vert budsjettert ut frå planlagde investeringar i året. Kompensasjonen vil såleis vere avhengig av framdrifta på investeringsprosjekta og nye prosjekt som kjem til i løpet av året.

Overføring til investeringsrekneskapen
Det er overført kr.718 000 meir enn budsjettert til investeringsrekneskapen. Overføring til investeringsrekneskapen gjeld i hovudsak tilbakeføring av mva-kompensasjon til å finansiere prosjekt i investeringsrekneskapen. Det er budsjettert med at all mva-kompensasjon frå investeringar skal nyttast til finansiering av investeringar. For 2012 er det eit krav om at minst 60 % av mva-kompensasjon frå investeringar skal overførast til investeringsrekneskapen. Vidare vil det for 2013 vere krav om 80 %. Frå 2014 skal mva-kompensasjon frå investeringar førast direkte i investeringsrekneskapen. Utover dei 60 % som er pliktig

overførd skal det ikkje overførast meir enn investeringsrekneskapen har bruk for til å finansiere prosjekta.

Andre tilskot og overføringar
For andre tilskot og overføringar er det meirinntekter på kr. 440 000. Meirinntektene gjeld tilskot flyktningar med kr. 984 000. For kompensasjon investeringskostnader omsorgsbustader og skular er det mindreinntekter på kr. 518 000 som skuldast at renta har vore lågare enn budsjettert. For konsesjonsavgift er det ei mindreinntekt på kr. 26 000.

Avsetjingar og bruk av avsetjingar
Avsetjingar og bruk av avsetjingar nedanfor omfattar det som går fram av rekneskapsskjema 1A. Avsetjingar og bruk som gjeld tenesteeiningane går fram av rekneskapsskjema 1B og vert ikkje omtala her.

Avsetjing disposisjonsfond:

		Budsjett	Rekneskap
25608500	Flyktningefondet	14 597 000	14 597 000
25607632	Vedlikehaldsfond	650 000	650 000
25609600	Avkastning kraftfond II	1 988 750	2 242 171
25600010	Disposisjonsfond	1 182 350	928 929
Sum avsetjing disposisjonsfond		18 418 100	18 418 100

Avsetjing bundne fond:

Konsesjonsavgift	314 549	0
Renter av konsesjonsavgiftsfond	227 500	194 325
Renter av næringsfond	16 200	17 406
Renter VAR-fond	276 250	203 479
Fond depositum husleige	0	1 942
Sum avsetjing bundne fond	834 549	417 152

Det var budsjettet med avsetjing kr. 834 549. Det er avsett kr. 417 000 mindre enn budsjettert. Dette skuldast manglande avsetjing av konsesjonsavgift med kr 288 543 og at rentenivået har vore lågare enn det som vart lagd til grunn i budsjettet. Avsetjing av inntekter frå konsesjonskrafta for 2012 vert gjord i samband med disponering av overskot.

Bruk av disposisjonsfond**:**
Det er brukt 25 000 meir enn budsjettert som gjeld tilskot til studenthuset Meieriet.

Lønsoppgjer 2012
Det vart avsett kr. 6 630 000 til lønsoppgjeret i 2012. Med bakgrunn i sentralt og lokalt lønsoppgjer vart det eit mindreforbruk på kr. 437 000.

Pensjon
Pensjon har samla sett eit mindreforbruk på kr. 2,3 mill. eks arbeidsgivaravgift. Av dette er kr. 1,36 mill fordelt på tenesteeiningane. I tillegg til det som er fordelt på tenesteeiningane er det eit mindreforbruk på 0,95 mill. i premieavvik, amortisering av premieavvik og bruk av premiefond. Arbeidsgivaravgift kjem i tillegg. Årsaka til det store avviket er at det er budsjettert med for høg sats for pensjon. I budsjettet for 2013 er denne satsen redusert noko.

2.2 Investeringsrekneskapen

Tabell hovudlinje investeringsregnskap.

	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap
I heile tusen	**2012**	**2012**	**2011**
Sum inntekter	12033	9949	15580
Sum utgifter	47141	39517	41228
Sum finanstransaksjoner	23018	8868	7907
FINANS BEHOV	58126	38436	33555
Sum finansiering	58126	38435	33555
Udekka/udisponert	0	0	0

Mange investeringsprosjekt går over fleire budsjett og rekneskapsår. Prosjekt som ikkje er avslutta vert vidareført til kommande rekneskapsår. Meir- eller mindreforbruk på enkelte prosjekt pr. 31.12 er avhengig av kor langt prosjektet er kome.

Tabellen nedafor viser prosjekt med rekneskapsført kostnad over kr. 1 mill. i 2012.

Prosjekt	Rekneskap 2012	Budsjett 2012	Kort om prosjektet
VA -områdesparing	3360	3024	Oppgradering VA-nett i sentrum
Uteareal Trudvang skule	1608	921	Oppgradering uteareal Trudvang
Parkering Fosshaugane Campus	5600	5600	Kjøp av rett til p-plassar
Oppgradering Trudvang skule	6977	4000	Nytt ventilasjonsanlegg, nye vindauger m.v. i Murbygningen
Oppgredering Kvåle skule	2406	316	Nye vindauge og fasade
Veganlegg Kaupanger skule	2217	2400	Utbetring skuleveg Kaupanger
VA-anlegg Øyane	2053	2055	Nytt VA-anlegg frå Sjøkanten til silanlegget
Oppgradering hus Leighgota	1746	1500	Oppussing Leighgota 6 og 8
Museumstomt	1111	1125	Kjøp av tomt
Leighgota 4,6,8	10765	10775	Kjøp av Leighgota 4,6 og 8.
Sognekraft konvertering lån	5460	0	

2.3 Analyse av hovudtal

Kapitlet tek for seg analyse av hovudtal med utgangspunkt i dei økonomiske oversiktane for drift, investering, balanse og utvalde kostratal samanlikna med kostragruppe 8 og kostragruppe landet.

Brutto og netto driftsresultat
Brutto driftsresultat viser resultatet av den ordinære drift inkludert avskrivingar. Resultatet korrigert for avskrivingar gir uttrykk for kommunen si evne til å nedbetale lånegjeld, evne til å finansiere investeringar ved overføringar frå drift og evne til å avsetje midlar til seinare bruk. Det er budsjettert med eit positivt brutto driftsresultat på 8,57 mill. Rekneskapen viser eit positivt brutto driftsresultat på 25,5 mill. Dette gir eit positivt avvik i forhold til budsjettet på 16,93 mill. Når det gjeld sum driftsinntekter og sum driftsutgifter viser desse store avvik i forhold til budsjettet. Desse avvika skuldast i hovudsak at utgifter på enkelte einingar ikkje er budsjettert fordi desse vert dekka med tilsvarande ikkje budsjetterte inntekter. Når det gjeld

avvik på lønsutgifter må dette sjåast i samanheng med refusjon av sjuke- og fødselspengar. Desse inntektene vert ikkje budsjetterte og utgjer 12,33 mill. Korrigert for sjuke- og fødselspengar er meirforbruket på løn og sosiale utgifter på 0,82 som er noko lågare enn fjoråret med 1,2 mill. Avvik som gjeld einingane går fram av kap. 3.

Netto driftsresultat viser resultatet av kommunen sin ordinære drift inklusiv netto renter og avdrag, dvs. kva som kan nyttast til avsetjingar og overføring til investeringsrekneskapen. Det vart budsjettert med eit netto driftsresultat på 8,1 mill. Rekneskapen viser eit netto driftsresultat på 27,17 mill., som er 19,1 mill. meir enn budsjettert.



Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene
Netto driftsresultat i % av driftsinntektene var i 2012 på 5,2 %. Korrigert for eit svært høgt premieavvik i 2012 er netto driftsresultat for kommunen på vel 3,3 %. Etter tilråding frå Kommunaldepartementet bør dette normtalet vere på minst 3%. Når dette normtalet er lågare, betyr det at kommunen har mindre handlingsrom for sparing og eigenfinansiering av investeringar. Som vist nedanfor har dette normtalet hatt ei negativ utvikling dei siste åra og har i perioden 2008-2010 lege under grensa på 3%. For Sogndal sin del er det ei positiv utvikling at normtalet nå er på 3% eller meir i 2011 og 2012.



Utvikling i driftsinntekter og driftsutgifter: Tabellen nedanfor viser utvikling i kommunen sine driftsinntekter og driftsutgifter pr. artsgruppe i prosent av samla driftsinntekter og driftsutgifter

Inntekter:	**2012**	**2011**	**2010**	**2009**	**2008**
Brukarbetaling	3,39%	3,86 %	3,76 %	4,11 %	4,30 %
Andre sals- og leigeinntekter	9,39 %	9,57 %	9,35 %	9,69 %	9,50 %
Overføringar med krav til motyting	13,83 %	13,31 %	17,69 %	17,38 %	18,50 %
Rammetilskot frå staten	33,54 %	32,71 %	20,51 %	20,40 %	18,50 %
Andre statlege overføringar	5,98 %	5,57 %	9,60 %	10,06 %	10,20 %
Andre overføringar	1,28 %	1,82 %	1,54 %	1,54 %	0,70 %
Skattar, direkte og indirekte	32,59%	33,16 %	36,86 %	36,82 %	38,20 %
Utgifter:	**2012**	**2011**	**2010**	**2009**	**2008**
Lønsutgifter	49,51%	49,45 %	49,53 %	49,59 %	50,70 %
Sosiale utgifter	12,51%	11,99 %	12,22 %	12,50 %	12,50 %
Varer og tenester - inngår i kom. prod	13,55%	12,76 %	14,51 %	13,88 %	16,20 %
Varer og tenester som erstattar kom. prod.	11,55%	11,55 %	9,68 %	9,92 %	8,70 %
Overføringar	8,90%	6,89 %	10,32 %	10,37 %	10,20 %
Avskrivingar	3,98%	3,98 %	3,85 %	3,85 %	3,90 %
Fordelte utgifter	0,10%	-0,10 %	-0,10 %	-0,10 %	-1,80 %

Likviditet
Likviditeten vert målt ved nøkkeltal som viser forholdet mellom omlaupsmiddel og kortsiktig gjeld. Nøkkeltala viser kommunen si evne til å dekke sine kortsiktige forpliktingar.

Arbeidskapitalen er definert som differansen mellom balanseførd verdi av omlaupsmiddel og kortsiktig gjeld. Endring i arbeidskapitalen kjem fram ved endring i omlaupsmiddel minus endring i kortsiktig gjeld, eller ved differansen mellom tilgang og bruk av midlar korrigert for endring i ubrukte lånemidlar.

Likviditetsgrad 1 er omlaupsmiddel/kortsiktig gjeld og tek utgangspunkt i alle omlaupsmidlar. Her bør nøkkeltalet vere større enn 2 fordi nokre av omlaupsmidla kan vere mindre likvide.

Likviditetsgrad 2 tek utgangspunkt i dei mest likvide omlaupsmidla dvs. kasse, bank og marknadsbaserte plasseringar, dvs. midlar som innan kort tid kan gjerast om til likvidar. Her bør nøkkeltalet vere større enn 1.

	2012	**2011**	**2010**	**2009**	**2008**
Arbeidskapital (i heile 1000)	101 101	94 308	78 845	97 737	106 483
Likviditetsgrad 1	2,45	2,55	2,23	2,53	2,99
Likviditetsgrad 2	1,67	1,65	1,48	1,94	2,38

Arbeidskapitalen er forbetra sidan fjoråret som følgje av at kortsiktig gjeld er redusert og omlaupsmidlane har auka.

Langsiktig gjeld
Langsiktig gjeld omfattar dei lån som kommunen har teke opp, jf. note 12 i rekneskapsheftet, og pensjonsforpliktingar inkl. arbeidsgivaravgift. Tabellen nedanfor viser utvikling i heile 1000.

	2012	**2011**	**2010**	**2009**	**2008**
Pensjonsforpliktingar	484 610	438 362	397 701	364 684	330 507
Lånegjeld	319 684	308 256	300 749	284 250	294 003
Sum langsiktig gjeld	804 294	746 618	698 450	648 934	624 510

Låna våre har ei gjennomsnittleg nedbetalingstid på 20 år. Kommuneloven set krav til kor mykje avdrag kommunen minimum skal betale i året. Dette vert rekna ut frå ein regel om at tal år nedbetaling av lån ikkje skal overstige vekta levetid på anleggsmidla. Vi viser til note 13 i rekneskapsheftet. Tabellen nedanfor viser utviklinga i betaling av avdrag i forhold til utrekna minimumsavdrag. Avdragsbetalinga for kommunen ligg over kravet til minimumsavdrag. Auka avdragsutgifter siste åra skuldast auka lånegjeld og avdragsutgifter på nye årlege låneopptak. Det vil ikkje vere nedbetalt eldre lån før i 2017. Dette kan og vere årsaka til at Sogndal ligg noko høgare enn kostragruppa når det gjeld renter og avdrag i % av driftsinntektene.

(Beløp i heile tusen)

År	**2012**	**2011**	**2010**	**2009**	**2008**
Minimumsavdrag	13 640	13964	12 329	12 211	11 601
Rekneskapsførde avdrag	18 610	16 956	15 556	14 632	14 463

Eigenkapital

Eigenkapitalen består av reelle eigenkapitalkonto og kapitalkontoen som er klassifisert saman med den bokførde eigenkapitalen. Den reelle eigenkapitalen inneheld rekneskapsmessig overskot og underskot, fond og konto for prinsippendringar. Fond er vidare oppdelt i ubundne driftsfond (disposisjonsfond), bundne driftsfond, ubundne investeringsfond og bundne investeringsfond. Utvikling i fondsavsetjingar siste åra er vist nedanfor.

Beløp i heile tusen)

År	**2012**	**2011**	**2010**	**2009**	**2008**
Disposisjonsfond	40 077	26 518	23 023	18 364	20 474
Bundne driftsfond	33 156	30 412	32 364	41 060	40 507
Ubundne investeringsfond	25 790	20 532	19 984	24 727	18 915
Bundne investeringsfond	4 242	5 456	2 284	2 037	2 986

Memoriakonto

Memoriakonto er såkalla ”hugsekonto” i kommunerekneskapen. Kontoane er obligatoriske til bruk for å halde oversikt over ubrukte lånemidlar. Kontoane kan vidare brukast for å halde oversikt på m.a. underskot i sjølvkostrekneskapen og lån frå fond som seinare skal tilbakeførast.

Memoriakonto for ubrukte lånemidlar omfattar både ubrukte lånemidlar til investeringar og ubrukte lånemidlar til utlån, dvs. formidlingslån. Ubrukte lånemidlar investering er knytt til pågåande eller planlagde investeringar. Ubrukte lånemidlar er kr. 6,23 mill. Av dette ubrukte lånemidlar formidlingslån med 1,38 mill.

Andre memoriakonto gjeld underskot på sjølvkostteneste med 1,44 mill. Dette skuldast underskot på avlaupstenesta. Etter regelverket kan kommunen ikkje ha negative fond. Underskot på sjølvkosttenester, som ikkje kan dekkast av fond, vert då belasta driftsrekneskapen til kommunen. Dette kan dekkast inn at ved tilsvarande bruk av fond i seinare år. Underskotet har auka i 2012 med kr. kr.120 000.

Utvalde kostratal for kommunen, landet og kostragruppe 8 (den gruppe samanliknbare kommunar ut frå storleik og økonomi som Sogndal kommune er i):

Kostratala for 2012 er ureviderte, reviderte kostratal kjem i juni.

		2012	2011	2010	2009	2008
Driftsrekneskapen:						
Netto driftsresultat i % av driftsinntektene	Sogndal	5,1	3,0	0,8	1,8	0,6
	Landet	2,7	2,0	2,1	2,8	-0,7
	Gruppe	2,9	1,6	2,3	2,9	-2,7
Netto renter /avdrag i % av driftsinntektene	Sogndal	3,4	4,3	3,5	3,6	5,8
	Landet	2,8	3,2	2,4	1,7	4,7
	Gruppe	3,5	4,0	3,1	2,4	6,5
Frie inntekter, kr pr. innbyggjar	Sogndal	43 869	40 562	32 947	31 516	28 667
	Landet	46 475	43 431	35 689	34 183	30 828
	Gruppe	43 657	40 787	33 080	32 714	29 575
Skatt på inntekt og formue i % av brutto driftsinntekter	Sogndal	28,8	29,1	32,5	32,8	33,8
	Landet	35,9	36,1	40,1	39,4	38,0
	Gruppe	33,7	34,3	38,3	35,7	36,4
Statlege rammeoverføringar i % av brutto driftsinntekter	Sogndal	33,6	32,7	20,5	20,4	18,4
	Landet	32,3	31,4	18,7	18,8	19,6
	Gruppe	34,6	33,5	19,4	22,3	21.0
Kapitalrekneskapen:						
Finansieringskjelde for investeringane i %. Overføring frå driftsrekneskapen	Sogndal	18,8	6,8	13,4	7,3	6,0
	Landet	12,6	9,1	7,6	7,9	5,7
	Gruppe	10,7	11,7	6,2	2,9	3,7
Balanserekneskapen:						
Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntektene inklusiv pensjonsforpliktingar	Sogndal	152,9	154,9	157,1	155,8	163,6
	Landet	188,3	185,7	175,5	163,9	163,9
	Gruppe	189,4	190,6	170,5	181,6	184,7
Arbeidskapital i % av brutto driftsinntekter	Sogndal	20,7	19,6	17,7	22,5	27,9
	Landet	19,8	20,9	21,6	21,0	21,8
	Gruppe	20,8	22,3	19,0	24,6	25,5

Netto driftsresultat i % av driftsinntektene viser 5,1% i 2012 som er 2,2% over kostragruppa. Auken frå 3% i 2011 skuldast eit svært høgt premieavvik i 2012.

Netto rente/avdrag i % av driftsinntektene viser 3,4% som er 0,1% under snittet for kostragruppa. Det vil sei at kommunen har omtrent same finanskostnad som kostragruppa.

Fri inntekter pr. innbyggar er omtrent på same nivå som kostragruppa, men 2 606 kroner under landsgjennomsnittet. Totalt ligg vi om lag 19 mill. kroner i frie inntekter under landsgjennomsnittet.

Skatt på inntekt og formue i % av brutto driftsinntekter viser 28,8 % for kommunen medan samanlignbare kommuner har 33,7 %, ein differanse på 5,1%. Dette viser at kommunen er ein skattesvak kommune. Statlege rammeoverføringar i % av driftsinntektene viser at kommunen har litt mindre overføringar enn kostragruppa. Dette er truleg knytt til ulikt kostnadsbehov i inntektssystemet.

Finansieringskjelde i % av investeringane viser at kommunen i 2012 har ein god del meir eigenfinansiering enn snittet for kostragruppa. Vi har ein sterk auke i eigenfinansieringa i 2012 i høve tidlegare år, noko som er i samsvar med økonomiplanen om eigenfinansiering av investeringar som ikkje kan finansierast over statlege refusjonsordningar, sjølvkost eller ekstern støtte.

Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter inkl. pensjonsforpliktingar viser at kommunen har 36,5% mindre enn kostragruppa. Det betyr at kommunen er mindre gjeldsbelasta enn kommunar vi samanliknar oss med. Vi har hatt ei fallande gjeldsgrad. Dette er i samsvar med føringane i økonomiplanen for å gjere oss i stand til å gjennomføre ei omfattande investering innan helse og omsorg i 2014 og 2015.

Arbeidskapitalen i % av driftsinntektene viser at kommunen er på same nivå som kostragruppa, berre 0,1% lågare.

3 Tenesteeiningane

I kap. 3 går vi gjennom resultata for kvar tenesteeining, både i høve til økonomisk resultat og måloppnåing. Disposisjonen følgjer same oppsettet som økonomiplan 2012 – 2015. Utvikling i ressursbruk på teneste/funksjonsnivå går fram av kostratala under kvar tenesteeining. Kostratala for 2012 er ureviderte og på nokre område ligg det ikkje føre tal for Kostra gruppe 8. Endelege tal vil liggja føre i juni, og vil bli gått gjennom på eit kommunestyremøte og teke inn i samband med rullering av økonomiplanen. Årsverk under kvar tenesteeining er faktisk brukte årsverk i 2012, ikkje budsjetterte årsverk.

Samla driftsutgifter kr 465 mill. vart fordelt slik på teneste i 2012:



3.1 Kultur

Innhald i tenesteområdet

Tenesteområdet omfattar bibliotek, lokalhistorisk arkiv, nærmiljø, idrett og friluftsliv, frivillige lag og organisasjonar, ålment kulturarbeid, kulturbygg, kulturskule, festivalar i kommunal regi og internasjonalt arbeid. Tenesteområdet har hatt 4 årsverk i 2012.

Nøkkeltal Kostra

Kultur	Sogndal 2010	Sogndal 2011	Sogndal 2012	Gruppe 8 2012
Netto driftsutgifter i prosent av totale netto driftsutgifter	3,5	2,9	3,2	3,2
Netto driftsutgifter for kultur pr. innbyggar i kroner	1 307	1 247	1 456	1 505

Netto utgifter pr. innbyggjar til kultur ligg litt under Kostra gruppa, men det er ein auke i kronebeløpet frå 2011. Frå 2012 vart det lagt inn ein auke i driftsutgiftene til Kvåle stadion og eit enkeltilskot til badeanlegg i Luster.

Drifts- og rekneskapsresultat

Tenesteområdet har eit samla mindreforbruk på kr 120 000,-, sjå omtale under kvart ansvar. Mindreforbruket er tilbakeført eininga i samsvar med fullmakt til rådmannen.

Bibliotek – ansvar 120
Ansvarsområdet har eit mindreforbruk kr. 300 000. Avviket skuldast i hovudsak sjukemeldingar og lite bruk av ekstrahjelp og mindre utgifter til husleige enn budsjettert.

Sogn kulturskule – Sogndal – ansvar 100
Sogndal kommune sin del av drifta har eit meirforbruk på kr. 315 000. Dette skuldast delvis for høge driftsutgifter i høve til budsjettet og delvis ikkje budsjetterte pensjonsutgifter.

For dei andre funksjonane på ansvar 100 er det eit mindreforbruk på kr. 135 00 knytt til løn og drift.

Elevar frå Sogndal i kulturskulen

2009	2010	2011	2012
187	161	191	184

I 2012 var det 32 på venteliste mot 22 i 2011. Kulturskulen selde dirigenttenester til eitt kor og fire korps i 2012.

Resultatmål 2012

Resultatmål	Resultat
Økonomi	
Vi skal ikkje har avvik i høve til budsjettet.	Tenesteområdet har eit mindreforbruk på kr. 120 000, sjå omtale under drifts- og rekneskapsresultat.
Brukar	
Vi skal gjennomføre to arrangement på biblioteket knytt til lokalhistorie.	Vi har gjennomført to lokalhistoriske laurdagsmøte.
Vi skal gjennomføre minst 6 arrangement knytt til formidling av litteratur til vaksne.	Vi har hatt 6 bokkaféar, kafékonsert, 3 forfattarbesøk og skumringstime med formidling av nordisk litteratur. Vidare har vi hatt boktralle på SOS og bokdepot for innvandrarar på deira eige språk.
Vi skal gjennomføre tiltak knytt til litteratur-formidling for elevane i 3., 6. og 8. klasse.	Vi har hatt litteraturformidling for alle desse klassestega – delvis på biblioteket og delvis på skulane. Vi har arrangert «Sommarles» for 6-13 åringane.
Vi skal følgje opp plan for merking og tilrettelegging av turstiar og søkje om midlar til 12 nye tiltak.	Vi har følgd opp planen og det er søkt om midlar til nye tiltak i 2013.
Vi skal auke talet på tiltak med finansiering frå Den kulturelle spaserstokken frå 2 til 4.	Det er gjennomført 4 tiltak med finansiering frå den kulturelle spaserstokken.
Vi skal gjennomføre planlagde tiltak i samband med BARK (kulturminne) og søkje om midlar til 5 nye tiltak.	Tiltaket er ikkje gjennomført.
Vi skal bidra til å gjennomføre kommunal strategi for busetjing og integrering av flyktningar.	Sjå under fag- og utvikling.
Medarbeidar/interne prosessar	
Vi skal halde fristane i årshjulet.	Vi har halde 100 % av fristane i årshjulet
Vi skal ha gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette med meir enn 20% stilling.	Vi har gjennomført medarbeidarsamtale med alle tilsette i meir enn 20 % stilling.
Sjukefråværet på eininga skal ligge under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane.	Sjukefråværet er på 8,2% mot 11,8% i 2011. Landsnittet for kommunane er på 9,9%.
Utviklingsoppgåver	
Vi skal utarbeide ein strategi for kommunen si samhandling med frivillig sektor.	Strategi for kommunen si samhandling med frivillig sektor vart vedteken av kommunestyret den 13.13.12.

Vi skal vidareutvikle kulturhuset og biblioteket som møteplass, m.a. ved utbygging av ein 3. kinosal.	Sjå 10 på topp.
Vi skal synleggjere det fleirkulturelle Sogndal med 2 framsyningar for skulane/ barnehagane og 2 minikonsertar med koret.	Tiltaket er ikkje gjennomført.
Vi skal bidra til å gjennomføre prosjektet «Møteplass og kunnskapsbase for fjellsport og ekstremsport.	Sjå 10 på topp.
Vi skal gjennomføre utsmykking av parken.	Tiltaket er ikkje gjennomført. Vi har fått til ein avtale om konsulenthjelp frå Sogn og Fjordane Kunstmuseum, og tiltaket vil verte prioritert i 2013.
Vi skal vurdere framtid bruk av Solhov.	Formannskapet vedtok i møte den 16.02.12 – etter tilråding frå ungdomsrådet – at Solhov framleis skulle nyttast til ungdomsaktivitetar og ikkje seljast.
Vi skal revidere kommunal plan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse.	Arbeidet vert starta opp i regi av ein sakskomite i 4. kvartal 2012 og vil verte ferdigstilt i 2013
Vi skal ha gjennomført to nye folkehelsetiltak i 2012.	Biblioteket har gjennomført to felles aktivitetar for alle tilsette og laga utstilling om folkehelse på biblioteket.

3.2 Plan og næring

Innhald i tenesteområdet
Tenesteområdet omfattar næringsarbeid med landbruk, vilt- og fiskeforvaltning, byggesaker, brann og feievesenet, kartverk, oppmåling, arealplanlegging og handsaming av saker etter ei rekke særlover, m.a. jord- og konsesjonslovverkfet, forureiningslova. Tenesteområdet har hatt 9,25 årsverk i 2012.

Nøkkeltal Kostra

Plan og byggesak	Sogndal 2010	Sogndal 2011	Sogndal 2012	Gruppe 8 2012
Brutto driftsutgifter til fysisk tilrettelegging og planlegging pr. innbyggar	550	674	839	614
Tal meldingar om tiltak motteke siste år pr. 10000 innbyggjar i kommunen	45	53	63	65
Gjennomsnittleg sakshandsamingstid byggesaker (tal dagar)	30	5	28	43
Netto driftsutgifter mot brannar og andre ulukker pr. innbyggjar	639	615	684	552

Vi ligg høgare enn Kostra gruppa når det gjeld utgifter til fysisk tilrettelegging og planlegging pr. innbyggjar, og det er ein auke frå 2011. Auken er ein følgje av høgare utbyggingsnivå for bustad og næring m.v. Tal byggemeldingar har auka. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid har auka, men ligg framleis godt under gjennomsnittet for gruppa. Dette kan tyde på særs høg aktivitet og meir komplekse saker i kommunen på dette feltet. Samstundes har vi fått til gode system med god effektivitet. Vi nyttar meir på brann enn Kostra gruppa.

Drifts- og rekneskapsresultat
Drift

	2011	2012
Saker i forvaltningsutvalet	105	121
Saker etter plan og bygningslova		
Regulerings- og utbyggingsplanar	12	11
Dispensasjonssaker	17	15
Avslegne dispensasjonssaker	10	16
Administrative vedtak	152	130
Kart og oppmåling:		
Fullførde kart- og delingssaker	105	93
Nye rekvisisjonar	82	82
Landbruk:		
Einskildvedtak, samla	450	450
Landbruk, delegerte vedtak etter lovverk	46	41

Rekneskapsresultat
Tenestområdet har eit samla meirforbruk på kr. 695 000, sjå omtale under kvart ansvar.

Plan, bygning og kartverk – ansvar 200.
Ansvarsområdet har eit meirforbruk på kr. 366 000 i hovudsak på grunn av ikkje budsjettert utgifter til lisensar, dataprogram, konsulentutgifter, arkeologiske utgravingar og reguleringsplanlegging.

Ikkje kommunal næringsverksemd – ansvar 250.
Ansvarsområdet her eit meirforbruk på kr 556 000 som skuldast mindre inntekt på konsesjonskraft og refusjon frå private.

Brann – ansvar 290
Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr. 363 000 som skuldast inntektsføring tilskot frå vegvesenet knytt til tidlegare utgifter til brannsikring av tunnelar.

For dei andre ansvarsområda er det mindre avvik med til saman eit meirforbruk på om lag kr. 136 000.

Resultatmål 2012

Resultatmål	Resultat
Økonomi	
Vi skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet.	Tenesteområdet har eit meirforbruk på kr. 695 000, sjå omtale under drifts- og rekneskapsresultat.
Brukar	
Vi skal halde alle fristane etter PBL og oppmålingslova.	Vi har halde alle fristane etter PBL. Nye saker etter oppmålingslova i 2012 har i hovudsak vorte utførte. Grunna ressurs-mangel har vi ikkje klart å halde fristane for etterslepet på 22 oppmålingssaker.
Medarbeidar/interne prosessar	
Vi skal halde fristane i årshjulet.	Vi har halde 83,3 % av fristane
Vi skal ha gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.	Vi har gjennomført medarbeidarsamtale med alle tilsette i meir enn 20 % stilling.
Sjukefråværet på eininga skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunen.	Sjukefråværet er på 3,1 % mot 1,1 % i 2011. Landsnittet er på 9,9 %.
Utviklingsoppgåver	
Vi skal i 2012 gjennomføre følgjande	1. Reguleringsplanen er høyrt og det er

reguleringsplanar i eigen regi: 1. Kyrkjegard på Kaupanger 2. Vegkryss Fjærland 3. Detaljreguleringsplan for Kjørnes 4. Oppstartplan for SOS-utbygging 5. Reguleringsplan for infrastruktur ved industrifeltet på Kaupanger.	føreteke arkeologisk utgraving. 2. Planen er utarbeidd, men plassering av ny bru over elva er ikkje endeleg. Dette vil bli avklara i 2013. 3. Planen vart vedteken i 2012. 4. Områdereguleringsplan for området er planlagt handsama i 2013. 5. Tiltaket er ikkje gjennomført grunna manglande ressursar.
Vi skal ha vedteke planstrategi og starta revisjon av arealdelen av kommuneplanen.	Planstrategi og planprogram vart vedtekne i 2012.
Vi skal i samarbeid med kommunane i Sogn regionråd gjennomføre eit prosjekt for namnsetjing av vegar.	Arbeidet er starta opp, og det er sett ned ei arbeidsgruppe i Sogn som skal arbeide vidare med prosjektet.
Vi skal i samarbeid med Statens vegvesen lage ein sykkelplan for Sogndal sentrum.	Sykkelplanen vart utarbeidd i 2012 og vil verte handsama i kommunestyret i 2013.
Vi skal syte for at minst 20% av registrerte bortsette bilvrak vert levert til gjenvinning i 2012.	Arbeidet med fjerning av bilvrak er i gang, men i 2012 stoppa noko opp grunna ressursmangel.
Vi skal følgje opp hovudplan for skogsvegar.	I 2012 er det bygd mange skogsvegar på grunn av «Dagmar». Slik situasjonen er no, avventar vi vidare innspel frå Fylkesmannen.
Vi skal ha gjennomført to nye folkehelsetiltak i 2012.	Vi har utarbeidd sykkelplan for Sogndal sentrum.

3.3 Kommunalteknikk

Innhaldet i tenesteområdet
Tenesteområdet omfattar kommunale bygg og eigedomar, vatn, avløp og renovasjon, kommunale vegar, trafikktrygging, kaianlegg, parkering og parkanlegg. Eininga har hatt 35,4 årsverk i 2012.

Nøkkeltal Kostra

Kommunalteknikk	Sogndal 2010	Sogndal 2011	Sogndal 2012	Gruppe 8 2012
Netto driftsutgifter i kr. pr. km kommunal veg og gate medrekna gang/sykkelveg	63 596	68 221	64 077	96 558
Driftsutgifter vatn pr. tilknytt innbyggjar	2 074	1 060	1 433	-
Driftsutgifter avløp pr. tilknytt innbyggar	1 300	945	1 138	-

Netto driftsutgiftene for dei kommunale vegane er noko lågare enn i 2011, og vi har framleis lågare driftsutgifter enn Kostra gruppa. Driftsutgiftene til vassforsyning og avlaup er aukande.

Drifts- og rekneskapsresultat
Ansvarsområdet har eit samla mindreforbruk på kr. 149 000 fordelt mellom dei ulike ansvarsområda. Mindreforbruket er tilbakeført eininga i samsvar med fullmakt til rådmannen.

Resultatmål 2012

Resultatmål	Resultat
Økonomi	
Vi skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet.	Tenesteområdet har eit mindreforbruk på kr. 432 000, sjå omtale under drifts- og rekneskapsresultat.

Brukar	
Vi skal levere nok vatn av god kvalitet til ei kvar tid.	Vi har levert vatn i samsvar med kvalitetskrava i heile 2012.
Medarbeidar/interne prosessar	
Vi skal halde fristane i årshjulet.	Vi har halde 100% av fristane i årshjulet.
Vi skal ha gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.	Vi har gjennomført medarbeidarsamtale med alle tilsette i meir enn 20% stilling.
Sjukefråveret skal vere lågare enn 5%.	Sjukefråværet er på 7,1% mot 5,6% i 2011. Landssnittet er på 9,9%.
Utviklingsoppgåver	
Vi skal gjennomføre tiltaka i hovudplan for vatn og avlaup.	Vi har gjennomført følgjande tiltak: 1. Investering bilpark 2. Områdeseparering sentrum 3. VA Øyane – Fossvegen 4. Separering 5. Revurdering Breisete 6. VA-anlegg Sjøkanten 7. Pumpestasjon Sjøkanten 8. Vidareføring av prosjekt frå 2011 m.a. ny vassleiding Vangestad.
Vi skal gjennomføre tiltak i trafikktryggings-planen.	Vi har gjennomført utbygging av ny skuleveg til Kaupanger skule og oppføring av nye veglyspunkt på Ølmheim.
Vi skal gjennomføre alle kommunale investeringstiltak. 1. Oppgradering av Trudvang skule 2. Opprusting av Mundal sentrum 3. Tilpassing rørslehemma Trudvang og Kaupanger skule 4. Norane oppvekssenter 5. Veg til industriområdet i Fjærland 6. Feiemaskin parkeringshus 7. Fjordstien og elvepark 8. Stupetårn Eide	1. Oppgradering av murbygningen på Trudvang skule (ventilasjonsanlegg, vindauge og innvendig oppgradering) 2. Det er i 2012 gjennomført planarbeid i samarbeid med bygdautvalet. Tiltaket vil verte gjennomført i 2013. 3. Det vart gjennomført planlegging i 2012. Bygging vil skje på Trudvang i 2013 og på Kaupanger i 2014. 4. Oppgradering i samsvar med avvik etter tilsyn frå Miljørette helsevern. 5. Reguleringsplan for tiltaket er under utarbeiding og vil truleg vere ferdig i 2013. 6. Feiemaskin er tinge og vil verte levert i 2013. 7. I 2012 har det vore gjennomført tingingar om grunnverv. 8. Stupetårnet vart bygd opna i 2012.
Vi skal ha gjennomført to nye folkehelsetiltak i 2012.	Vi har bygd ny utfartsparkering i Gunvordalen og oppgradering av Skulevegen i Sogndal sentrum.

3.4 Barn og unge

Innhald i tenesteområdet
Tenesteområdet omfattar Sogn barnevern, helsestasjon- og skulehelsetenesta, jordmortenesta og ungdomsavdeling. Eininga har hatt 20,7 årsverk i 2012.

Nøkkeltal Kostra

Barn og unge	Sogndal 2010	Sogndal 2011	Sogndal 2012	Gruppe 8 2012
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar 0-17 år, barnevernstenesta	3 895	4 080	3 768	6 469
Barn med undersøking eller tiltak pr. årsverk	19,5	23,3	21,8	Manglar
Netto driftsutgifter til førebyggande helsestasjons- og skulehelsetenesta pr. innbyggjar 0-5 år.	6 732	7 094	8 222	6 674
Netto driftsutgifter til aktivitetstilbod til barn og unge pr. innbyggjar	211	194	212	138
Netto driftsutgifter til aktivitetstilbod barn og unge pr. innbyggjar 6-18 år	1 219	1 132	1 274	786

Netto driftsutgifter pr. innbyggjar 0-17 år i barnevernstenesta er vesentleg lågare enn Kostra gruppa og er redusert i høve til 2011. Talet på barn pr. årsverk er gått noko ned frå 2011. Her er ikkje talet for Kostra gruppa tilgjengeleg enno. Vi ligg over Kostra gruppa for netto driftsutgifter til førebyggande helsestasjons- og skulehelsetenesta. Kommunen har ein relativt stor del personar som oppheld seg i kommunen utan å vere heimehøyrande her, og vi har tiltak ut over dei lovpålagde som helsestasjon for ungdom. God aktivitet gjennom ungdomsbasen, partnarskapsavtalane og «Ungdomsrøra» er bakgrunnen for barn og unge sin del av netto driftsutgifter til kultur. Tilskot til lag og organisasjonar for barn og unge (del av kulturmidlane) og ungdomsstipend ligg òg inne i desse tala. Her ligg vi over Kostra gruppa.

Drifts- og rekneskapsresultat

Tenesteområdet har eit samla mindreforbruk på kr. 1.258 000, sjå omtale under kvart ansvar. Mindreforbruket skuldast i all hovudsak innsparing løn grunna vakante stillingar (sjukemeldingar, fødselspermisjonar og vikarar med lågare løn). Mindreforbruket er tilbakeført eininga i samsvar med fullmakt til rådmannen.

Sogn barnevern - ansvar 471
Drift av Sogn barnevern er i samsvar med vedteke budsjett.

Sogn Barnevern – Sogndal - ansvar 472
Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr 740 000.

	2010 Sogndal	2011 Sogndal	2012 Sogndal	Sogn Barnevern 2012
Totalt registrerte barn	67	79	74	186
Barn i tiltak	50	35	42	111
Nye barn – undersøk	26	32	35	75

Balestrand kommune kom inn i Sogn barnevern i 2011.

Administrasjon – ansvar 475
Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr 181 000.

Ungdom/ungdomsrådet – ansvar 480/481
Ansvarsområdet har eit meirforbruk på kr. 35 000.

Helsestasjonen - ansvar 490
Ansvarsområdet syner eit mindreforbruk på kr 365 000.

	2010	2011	2012
Konsultasjonar helsestasjonstenesta: helsesøster (HS) og lege	HS:1797 Lege:355	HS: 1692 Lege: 389	HS: 1608 Lege: 388
Konsultasjonar skulehelsetenesta helsesøster – grunnskule/vidaregåande skule	2033	1924	2422
Konsultasjonar lege – grunnskule/ vidaregåandeskule	145	547	258
Helsestasjon for ungdom			

Tal konsultasjonar - lege	79	53	47
Tal konsultasjonar - helsesøster	498	128	272
Helsestasjon for unge vaksne (HUV)			
Tal konsultasjonar – lege	26	21	80
Tal konsultasjonar – helsesøster	376	489	567

HUV er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunen, SISOF og Høgskulen i Sogn og Fjordane regulert av eigen avtale.

Jordmortenesta - ansvar 491:
Drift av ansvarsområdet er i samsvar med vedteke budsjett.

Jordmortenesta

	2010	2011	2012
Nyinnskrivne gravide	75	97	112
Tal fødslar	89	81	102
Tal konsultasjonar	708	704	812

I Sogndal er født 102 born. Av desse er 94 fødde på Førde sentralsjukehus, 3 er fødde i ambulanse på veg til Førde 5 ved sjukehus i andre fylke. 29 av fødslane var i september og oktober.

Resultatmål 2012

Resultatmål	Resultat
Økonomi	
Vi skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet-	Tenesteområdet har eit mindreforbruk på kr. 1 258 000, sjå omtale under drifts- og rekne-skapsresultat.
Brukar	
Vi skal gjennomføre alle kontrollar og vaksinasjonsprogram etter lokale og nasjonale planar.	Alle kontrollar og vaksinasjonsprogram er gjennomførte.
Vi skal følgje opp alle barn og foreldre med spesielle behov.	Alle meldingar etter barnevernslova har vore følgt opp, og tilsette på eininga er koordinator for fleire ansvarsgrupper rundt barn og unge.
Vi skal halde alle fristane innanfor smittevern.	Grunna permisjonar har det ikkje vore kapasitet til å halde alle fristane, spesielt i høve til arbeids-innvandrar.
Alle asylsøkjarar skal få tilbod om 1. helse-undersøking.	Alle asylsøkjarar har fått tilbod om 1. helseundersøking.
Alle utanlandske barn m/foreldre skal få tilbod om utvida helsekontrollar med tolk.	Utanlandske barn m/foreldre som har hatt behov for det, har fått tilbod om utvida kontrollar med tolk.
Vi skal ikkje ha fristbrot i barnevernet	Vi har ikkje hatt fristbrot i barnevernet.
Vi skal gjennomføre tilsyn med fosterheimar i samsvar med lovverket.	5 barn har ikkje hatt tilsyn i 2012. 3 av desse har no fått tilsyn, og det vert arbeidd vidare med å finne tilsynsførarar til dei 2 siste.
Medarbeidar/interne prosessar	
Vi skal halde fristane i årshjulet.	Vi har halde 100 % av fristane i årshjulet.
Vi skal ha gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.	Vi har gjennomført medarbeidarsamtale med alle tilsette i meir enn 20 % stilling.

Sjukefråværet på eininga skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane.	Sjukefråværet er på 9 % mot 10,3 % i 2011. Landssnittet er på 9,9 %.
Vi skal gjennomføre hospitering på føde-avdeling og helsestasjon.	Jordmortenesta har til saman hospitert 6 døgn.
Vi skal gjennomføre kompetansekartlegging og utarbeide kompetanseplan som grunnlag for kompetanseheving på eininga.	Kompetansekartlegginga er ikkje gjennomført.
Utviklingsoppgåver	
Vi skal følgje opp konklusjonane i prosjektet om individuell plan, ansvarsgrupper og koordinatorrolla.	Barnevernsleiar og leiande helsesøster deltek koordinerande eining barn/unge. Aktuelle koordinatorar på eininga vil få opplæring.
Vi skal følgje opp konklusjonane i prosjektet knytt til barn og foreldre med spesielle behov.	Vi har etablert ei ordning med «ei dør inn til tenester for barn og unge» via ein eigen ressurstelefon.
Vi skal ha gjennomført prosjekt om overvektige barn i samarbeid med Leikanger kommune og Luster kommune.	Prosjektet er ikkje gjennomført grunna mangel på deltakarar. Hesestasjon og jordmortenesta har fokusert på kosthald og overvekt i det laupande arbeidet sitt.
Vi skal følgje opp ungdomsundersøkinga i regi av Helse Førde i 2012.	Resultatet kom seint i 2012 og er teke med i det vidare arbeidet i SLT for Sogndal, Leikanger og Luster i 2013.
Vi skal ha gjennomført 2 nye folkehelse-tiltak i 2012.	Vi har gjennomført «prosjekt nærvær» på eininga med 4 seminar i lag med Bedriftshelsetenesta.

3.5 Helse og sosial

Innhald i tenesteområdet
Tenesteområdet omfattar lege- og fysioterapitenesta, legevakt, miljøretta helsevern, smittevern, tenester til personar med psykiske vanskar, heimetenester og aktivitetstenester for personar med psykisk utviklingshemming, tiltak for personar med rusmiddelmisbruk, støttekontakt og avlasting, omsorgsløn, transportordning for funksjonshemma, ordning med personleg assistent og kommunale oppgåver lagt til NAV (økonomisk sosialhjelp, råd og rettleiing, mellombels bustad, gjeldsrettleiing og kvalifiseringskprogrammet). Eininga har hatt 66 årsverk i 2012.

Nøkkeltal Kostra

Helsetenesta	Sogndal 2010	Sogndal 2011	Sogndal 2012	Komm.gr.8 2012
Nto.dr.ut. pr. innbyggjar kommunehelsetenesta	1 764	1 747	1 918	1 876
Nto.dr.ut. i prosent av samla dr.utg.	4,0	2,4	2,6	3,2
Nto.driftsutg. til førebyggande arbeid helse pr innb.	66	10	123	116
Nto. driftsutg. til diagnose, behandling og rehab. pr innb.	1 172	1 214	1 190	1 249
Legeårsverk pr. 10 000 innb.komm. helsetenesta	11,1	10,9	10,7	9
Fysioterapiårsvek pr 10 000 innb. komm. helsetenesta	8,5	8,8	8,6	8,1
Sosialtenesta	Sogndal 2010	Sogndal 2011	Sogndal 2012	Gruppe 8 2012
Nto driftsutg. til sosialtenesta i % av samla nto driftsutgifter	2,8	4,0	2,4	3,2
Brutto driftsutg. pr. sosialhjelpsmottakar.	89 453	87 220	100 187	Manglar

Vi nyttar meir ressursar til kommunehelsetenesta og førebyggande arbeid enn Kostra gruppa, og vi nyttar mindre enn Kostra gruppa til diagnose, behandling og rehabilitering. Auken i driftsutgifter til førebyggjande arbeid frå 2011 til 2012 skuldast m.a. rettar i Kostra-rapporteringa. Dekningsgrad for lege- og fysioterapiårsverk ligg over Kostra gruppa.

Tala syner at netto driftsutgifter for sosialtenesta sin del av samla netto driftsutgifter i kommunen ligg under gjennomsnittet for Kostra gruppa, og det er ein vesentleg nedgang frå 2011. Brutto driftsutgifter pr. sosialhjelp mottakar har auka frå 2011. Talet for Kostra gruppa er ikkje tilgjengeleg. Det er færre som får økonomisk sosialhjelp, men dei som får slik støtte, får meir utbetalt.

Drifts- og rekneskapsresultat
Tenesteområdet har eit samla meirforbruk på kr. 1.854 000, sjå omtale under kvart ansvar.

Legevakt – ansvar 400
Ansvarsområdet her eit meirforbruk på kr. 55 000 som skuldast auke i kjøp av tenester til drift frå legevaktsentral i Lærdal. Kommunen har felles legevaktordning med Leikanger kommune.

Legesenteret – ansvar 401
Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr. 83 000.

Kommunen har 8 fastlegeavtalar som er knytt opp mot vel 8 000 pasientar.

Fysioterapitenesta – ansvar 411
Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr. 141 000 som i hovudsak skuldast vakante stillingar grunna sjukefråvær/permisjon. Kommunen har 2,6 årsverk kommunale stillingar, 2,5 driftstilskot og 1 turnusstilling.

Kommunalt miljøretta helsevern – ansvar 420
Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr. 78 000, som skuldast auka inntekter gjennom brukarbetaling og reduksjon i lønsutgifter grunna vakanse.

Interkommunalt miljøretta helsevern – ansvar 421
Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr. 139 000, som skuldast vakant stillingar delar av året grunna persmisjon.

NAV Sogndal administrasjon – ansvar 426
Ansvarsområdet har eit meirforbruk på kr. 275 000 som i hovudsak skuldast underbudsjettering av refusjon til staten (drifta av kontoret).

Økonomisk sosialhjelp (NAV) - ansvar 427
Ansvarsområdet har eit meirforbruk på kr. 375 000 som skuldast auka utbetaling. Om lag 80% av dei som mottek økonomisk sosialhjelp, er ute av ordninga i løpet av 6 månader. Det er færre som mottek økonomisk sosialhjelp, men dei som mottek slik støtte, får meir utbetalt.

	2010	2011	2012
Tal stønadsmottakarar	139	118	107

Kvalifiseringsprogrammet – ansvar 428
Ansvarsområdet har eit meirforbruk på kr. 133 000 som skuldast etterslep av lønskostnader.

Administrasjon helse og sosial – ansvar 430
Ansvarsområdet har eit meirforbruk på kr.1 294 000, som skuldast auka utgifter til medfinansiering av spesialhelsetenesta.

Drift av kommunale husvære – ansvar 436

Ansvarsområdet har eit meirforbruk på kr. 266 000 som skuldast mindre husleigeinntekter enn budsjettert.

Stønadsordningar – ansvar 439
Ansvarsområdet har eit meirforbruk på kr. 50 000, som skuldast meirutgifter til drift av Krisesenteret i Sogn og Fjordane.

PU tenesta/funksjonshemma – ansvar 451
Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr. 296 000 som skuldast reduserte lønsutgifter.

Psykisk helsearbeid – ansvar 452
Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr. 52 000 som skuldast reduserte lønsutgifter grunna vakante stillingar.

Støttekontakt/avlasting for eldre og funksjonshemma og psykisk helsearbeid – ansvar 450/453/454
Ansvarsområda har eit samla meirforbruk på kr. 485 000 som skuldast generelt meirforbruk til bruk av støttekontakt for desse gruppene.

Personleg assistent – ansvar 456
Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr. 63 000.

Omsorgsløn – ansvar 459
Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr. 114 000 som skuldast reduksjon i tal sakar med innvilga omsorgsløn.

For dei andre ansvarsområda er det mindre avvik.

Resultatmål 2012

Resultatmål	Resultat
Økonomi	
Vi skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet.	Tenesteområdet har eit meirforbruk på kr. 1 854 000, sjå omtale under drifts- og rekne-skapsresultat.
Brukar	
Vi skal gje alle sosialt vanskelegstilte tilbod om arbeidstrening/aktivitet gjennom Sogndal ressurssenter.	Tiltaket er gjennomførd.
90% av brukarar som har som målsetting om å kome i ordinært arbeid, skal ha sitt tilbod gjennom Sogndal ressurssenter.	Tiltaket er ikkje gjennomført. Det er behov for å sjå på intensjon og mål med tiltaket på nytt. Dette arbeidet er starta opp.
Vi skal redusere ventelistene knytt til den private og kommunale fysioterapitenesta.	Vi har redusert ventelistene med unnatak av ventelista til psykomotorisk behandling.
Vi skal sikre at minst 5 personar får oppfølging gjennom KVP i 2012.	Totalt har 8 personar fått oppfølging gjennom KVP.
Alle deltakarane i i KVP skal vere i arbeidsretta aktivitet som hovuddel av programmet innan tre månader etter vedtak og minst 50% av deltakarane skal ha avgang til ordinært arbeid eller anna aktivitet som gjer dei uavhengig av økonomisk sosialhjelp, etter fullført program.	2 personar har kome i arbeid, 1 har flytta og 1 har kome over på anna yting.
Ingen ungdom i Sogndal under 25 år skal vere utan arbeid eller arbeidsretta aktivitet i	Målet er ikkje nådd.

meir enn tre månader.	
Alle deltakarar i introduksjonsprogrammet for flyktningar skal i siste del av programmet (frå 1,5 til 2 år etter oppstart) komme i arbeidstrening gjennom NAV Sogndal.	Målet er ikkje nådd. Det er sett i gang eit samarbeidsprosjekt i 2013 mellom NAV/norskopplæringa/flyktningtenesta for å betre kvalifisering til arbeidslivet.
Alle flyktningar skal vere i ordinært arbeid seinast eitt år etter fullført introduksjons-program.	Målet er ikkje nådd.
Medarbeidar/interne prosessar	
Vi skal halde fristane i årshjulet.	Vi har halde 100% av fristane i årshjulet.
Vi skal ha gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.	Vi har gjennomført medarbeidarsamtale med om lag 80% av tilsette i meir enn 20% stilling. Grunnen til dette er vakansar i leiinga.
Sjukefråværet på eininga skal ligge under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane.	Sjukefråværet er på 5,3% mot 3,9% i 2011. Landssnittet er på 9,9%.
Utviklingsoppgåver	
Vi skal leggje fram ein overordna helse- og omsorgsplan.	Tiltaket er ikkje gjennomført. Arbeidet vil starte opp i 2013.
Vi skal starte arbeidet med bustadsosial handlingsplan.	Tiltaket er ikkje gjennomført.
Vi skal starte arbeidet med plan for psykisk helse og m.a. gjennomføre ei ressurs- og utfordringskartlegging innanfor psykisk helse.	Vi har starta kartlegginga, men er ikkje kome i gang med planarbeidet.
Vi skal til ei kvar tid ha ein lege som er spesialist i samfunnsmedisin eller er under utdanning.	2 legar er under utdanning.
Vi skal følgje opp samhandlingsreforma ved å etablere rutinar som sikrar tilvising til behandling i eigen kommune når det er fagleg forsvarleg.	Vi starta opp med ø-hjelp senger i desember 2012. Arbeidet vil halde fram i 2013. Sjå og 10 på topp.
Vi skal ha gjennomført to nye folkehelsetiltak i 2012.	1. Vi har utvikla prosjekt flyktningvenn i løpet av 2012 – dette vert vidareført i 2013. 2. Vi har hatt opplegg for røykeslutt i flyktningtenesta.

3.6 Pleie og omsorg

Innhald i tenesteområdet

Tenesteområdet omfattar drift av Sogndal omsorgssenter (SOS), omsorgsbustader i Fjærland, Leighgota 3 og Fossetunet 1B, rehabilitering m/døgnopphald, heimesjukepleie, heimehjelp, matombringing og tryggleiksalarmar. Eininga har hatt 123 årsverk i 2012.

Nøkkeltak Kostra

Pleie og omsorg	Sogndal 2010	Sogndal 2011	Sogndal 2012	Gruppe 8 2012
Netto.driftsutg. til pleie og omsorg i prosent av samla driftsutg.	35,7	32,7	33,3	29,6

Nto.driftsutg. pleie og omsorg pr. innbyggjar i kroner	13 500	14 209	15 385	13 682
Aktivisering, støttetjenester - andel av netto driftsutgifter til plo, konsern i %	7,5	7,7	6,7	5,7
Institusjonar - andel av netto driftsutgifter til plo i %	26,5	26,6	26,4	39,9
Tenester til heimebuande - andel av netto driftsutgifter til plo, konsern i %	66,0	65,8	66,9	54,4

Tala i kostrafunksjon pleie og omsorg knyter seg til omsorgstenester både for eldre og yngre brukarar. På dei fleste områda for pleie og omsorgstenester ligg vi over Kostra gruppa. For netto driftsutgifter pr. innbyggjar ligg kr. 1 703 over landsnittet. Samla utgjer dette 12,5 mill. kroner meir enn Kostra gruppa. Ein større del av utgiftene våre innan pleie og omsorg er knytt til heimetenester og ein mindre del til institusjon enn kommunane i kostragruppa.

Drifts- og rekneskapsresultat

Eininga har eit samle meirforbruk på kr. 2 536 000. Overforbruket skuldast i hovudsak større aktivitet enn budsjettert og ei utvikling av auka hjelpebehovet i dei fleste brukargruppene. Overforbruk på løn er om lag kr 6.1 mill, og refusjon av sjukepengar har ei meirinntekt på 5.1 mill. Varer og tenester har eit brutto overforbruk i høve til budsjettet på kr 1.8 mill. kroner Salsinntektene er kr 155 000 meir enn budsjettert.

Tenestene er i 2012 i større grad retta mot brukarane med dei største hjelpebehova, og terskelen for tildeling av teneste er heva. Reduksjonar og driftsendringar i spesialisthelsetenesta medfører at brukarane av pleie- og omsorgstenestene har meir omfattande hjelpebehov, behov for meir avansert utstyr og i aukande grad behov for tettar personleg oppfølging. Vi registrerar vekst også i dei yngre brukargruppene med behov for helsefagleg hjelp. Pleietyngda i dei heimebaserte tenestene har auka vesentleg. For å tilpasse drifta til vedtekne rammer har det vore eit mål å redusere plassane i institusjon meir enn det vi har greidd.

Pleie- og omsorg i institusjon – ansvar 460 – teneste 253

Aktivitet ved institusjonen i 3 siste åra er som følgjer:

År	Plassar pr. 01.01	Plassar pr. 31.12	Frå annan institusjon	Frå andre	Til kortids-opphald	Til annen institusjon	Utskr. levende	Utskr. død
2010	32	31	56	118	125	49	114	29
2011	31	28	39	121	120	40	117	15
2012	28	27	51	119	125	45	110	33

Den økonomiske driftsramma gjev rom for drift av om lag 25 plassar. Pr.010112 er det 28 plassar i drift. Gjennomsnittleg for driftsåret har vi nytta 30 plassar. Om lag 90 % av driftskostnadane i institusjon er personellkostnader. Talet på langtidsopphald er redusert samanlikna med året før. Institusjonen hadde 170 innskrivingar i 2012 noko som gjev ei gjennomsnittleg liggetid pr. opphald på 61 døger i 2012 mot 70 døgn i 2011 og 67 døgn i 2010.

Aktivisering for eldre og funksjonshemma – ansvar 460 – teneste 234
Aktiviseringssenter

År	Tal brukardagar frå sjukeheim	Tal brukardagar dagopphald	Sum brukardagar
2010	448	3105	3553
2011	360	3164	3524
2012	417	2992	3409

Tilbodet er stort sett retta mot heimebuande og bebuarar i omsorgsbustadane. Talet brukardagar er noko redusert samanlikna med dei siste åra. Nedgang frå 2011 til 2012 er fyrst og fremst knytt til sjukefråvær. Behovet for dagtilbod er større enn det vi kan gje. Avgrensinga ligg på areal og personell til desse funksjonane.

Ergoterapi –ansvar 460 – teneste 241
Ein stor del av arbeidet er retta mot utprøving, tilpassing og formidling av hjelpemiddel. Tenesta har kontaktpersonar for hjelpemiddel innanfor IKT-, syns-, hørsel-, rørsle- og kognitive hjelpemiddel. Ergoterapitenesta driv handtrening, hovudsakleg med slagpasienter og ein del kognitiv kartlegging. Samarbeidsprosjekt med Helse Førde om handtrening til revmatikarar som hadde oppstart i september 2011 var i gang til april 2012. 18 brukarar nytta tilbodet i 2012.

Oversyn over formidla hjelpemiddel frå Hjelpemiddelsentralen.

År	Tal brukarar med utleverte hjelpemiddel	Tal utleverte hjelpemiddel	Tal innleverte hjelpemiddel	Samla verdi for utlevering i mill. kroner
2010	215	1199	683	4,5
2011	233	1467	666	4,5
2012	225	1377	802	5,0

I tillegg til hjelpemiddel frå Hjelpemiddelsentralen har tenesta korttidsutlån frå eige lager. Pleie- og omsorgstenesta har dei siste åra snudd tenesteproduksjonen frå institusjonsbasert omsorg til heimebasert omsorg. Dette gjer at talet på brukarar og hjelpemiddel er i vekst.

Praktisk bistand/heimehjelp og heimesjukepleie – ansvar 460 - 254
Tenesta har hatt følgjande utvikling i innskrivne brukarar dei siste åra:

År	Praktisk bistand			Heimesjukepleie			Både praktisk bistand og heimesjukepleie			Sum
	Alder 0-66	Alder 67-79	Alder 80>	Alder 0-66	Alder 67-79	Alder 80>	Alder 0-66	Alder 67-79	Alder 80>	
2010	32	13	25	18	8	33	21	20	100	270
2011	42	13	26	28	10	41	18	20	103	301
2012	36	11	31	25	17	41	22	20	101	304

Tenestene har noko fleire brukarar enn året før og fleire ressurskrevjande brukarar. Pleietyngda for brukarar som bur heime og/eller i tilrettelagde bustader, har auka det siste året.

Alarmtelefon

Vi har 117 alarmtelefonar i drift pr 311212. Alarmsentralen i Florø administrerar oppringing og drift. Montering, opplæring, og respons skjer lokalt frå pleie- og omsorgstenesta

Matombringing

Denne tenesta gjeld bringing av ferdigmat/varmmat frå kjøkkenet ved SOS til brukarar som bur utanfor og i institusjon. Det gjeld brukarar som kjøper frå eit måltid ein gong i veka til dei som kjøper alle måltid kvar dag.

Registrerte mottakarar pr.31.12:

År	Tal brukarar
2010	98
2011	97
2012	104

Omsorgsbustader - ansvar 460 – teneste 265

Oversyn belegg, trygde-/omsorgsbustader

År	Skulevn.9	Skulevn.7B	Skulevn.7C	Fjærland	Fossetunet	Leighgota
2010	99.7%	100%	99%	87%	95	100%
2011	101%	103%	107%	91%	100%	100%

2012	99.6%	101%	98%	100%	100%	99.8%

Pr 3.12.12 er det registrert 17 søknader om omsorgsbustad. Alle desse er registrert som søknader til SOS.

Samordning av tenesteproduksjonen i Sogndal

Tiltaksteamet for pleie- og omsorgstenesta, TSG, har ei koordinerande rolle i høve tenesteproduksjonen mellom pleie- og omsorgstenestene og tenester knytt til tenesteeining helse og sosial. I alt vesentleg gjeld dette tenester utført innanfor psykisk helsearbeid og tenester innanfor pu. TSG handsamar søknader om: heimehjelp, heimesjukepleie, støttekontakt, omsorgsløn, personleg assistent, alarmtelefon, matombringing, transportordning, parkerings- og fylgjekort, tildeling av omsorgsbustader innanfor pleie og omsorg og opphald i institusjon. TSG har i 2012 handsama 578 saker med til saman 625 tiltak.

Oversyn over tiltak:

År/tiltak	2010	2011	2012
Meldingar	120	109	122
Praktisk bistand	50	48	42
Heimesjukepleie	77	90	93
Matombringing	15	14	34
Tryggleiksalarm	17	19	32
Korttidsopphald	152	152	154
Langtidsopphald	24	17	25
Omsorgsbustad	46	21	20
Støttekontakt	22	26	22
Transportordning	25	25	31
Parkeringskort	9	15	19
Omsorgsløn	6	2	1
Avslag på søknad	20	22	30
Sum tiltak	583	560	625

Samhandling med spesialisthelsetenesta:
Sogndal kommune har eit mindre forbruk av somatiske sjukehussenger enn gjennomsnittet for landet og fylket. For aldersgruppene over 80 år har vi fleire, men betydeleg kortare opphald. Dette kan vere ein indikasjon på at pleie- og omsorgstenestene er effektive i samhandlinga med spesialisthelsetenesta.

Mottak av brukarar til sjukeheim:

År	Direkte frå spesialisthelsetenesta	Frå andre	Totalt
2010	54	120	174
2011	39	121	160
2012	51	119	170

Hovudtyngda av brukarane som kjem direkte frå spesialistheletenesta er brukarar som treng etterbehandling, og /eller rehabilitering med døgntenester. Opphalda har ei varigheit på 1-8 veker. I talet frå andre er brukarar frå eigen bustad, omsorgsbustad, etc. I talet ligg ein stor del brukarar som har tilpassa rullerande avlastning/opptrening/førebygging i samband med langtidsopphald. I 2012 har vi som eit gjennomsnitt nytta 8 plassar i institusjon til ulike tidsavgrensa opphald.

Resultatmål 2012

Resultatmål	Resultat
Økonomi	
Vi skal ikkje har avvik i høve til budsjettet	Tenesteområdet har eit meirforbruk på kr. 2 536 000, sjå omtale under drifts- og rekneskapsresultat.
Brukar	
Gjennomsnittlege tal for kor nøgde brukarane og dei pårørande er, skal minst liggje på landsnittet.	Det vart gjennomført brukargransking i 2010 hjå brukarane av heimetenester og brukarar og pårørande av institusjon. Resultatet låg over landssnittet.
Sakshandsamingstida skal ikkje overstige 14 dagar.	Sakshandsaminstida har i snitt vore på 8 dagar.
Iverksettingstida skal ikkje overstige 12 dagar.	Iverksettingstida har i snitt vore på 6 dagar.
Omfanget av forskyvd teneste skal reduserast ift. 2009-nivå.	Tiltaket er gjennomført.
Vi skal ta imot alle utskivingsklare pasientar frå spesialisthelsetenesta.	Alle utskrivingsklare pasientar frå spesialisthelsetenesta er tekne i mot på utskrivingsdagen.
Medarbeidar/interne prosessar	
Vi skal halde fristane i årshjulet	Vi har halde 100% av fristane i årshjulet.
Vi skal ha gjennomført medarbeidarsamtale med alle tilsette i meir enn 20% stilling.	Vi har gjennomført medarbeidarsamtale med 89 av 167 tilsette.
Sjukefråværet på eininga skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær innafor pleie- og omsorg i kommunane.	Sjukefråværet er på 8,1% mot 8,2% i 2011. Landsnittet er på 9,9%.
Vi skal gjennomføre opplæring i bruk av IPLOS.	Tiltaket er gjennomført.
Vi skal kople oss opp mot Norsk Helsenett.	Tiltaket er ikkje gjennomført.
Utviklingsoppgåver	
Vi skal leggje fram ein overordna helse- og omsorgsplan.	Tiltaket er ikkje gjennomført. Arbeidet vil starte opp i 2013.
Vi skal greie ut konsekvensar av samhandlingsreforma og gjere oss i stand til å utvide tenesteomfanget i eigen regi.	Sjå 10 på topp.
Vi skal ha gjennomført to nye folkehelse-tiltak i 2012.	Vi sett i gang trimgruppe i Leighgota 3 og vidareført prosjektet med treningsgrupper som ei fast ordning.

3.7 Barnehagar

Tenesteområdet omfattar drift av Kyrkjebakken-, Furuli-, Notsete- og Kjørnes barnehage og samarbeid med barnehagane i oppvektssentra; Ylvisåker- og Fjærland og dei ikkje-kommunale barnehagane; Stedje-, Rones- og Sogndal studentbarnehage. Eininga har hatt 54 årsverk i 2012.

Nøkkeltal Kostra

Barnehage	Sogndal 2010	Sogndal 2011	Sogndal 2012	Gruppe 8 2012
Netto driftsutgifter barnehagesektoren i % av kommunen sine totale netto driftsutgifter	1,5	15,2	15,4	15,5
Del barn 1-5 år med barnehageplass	91,5	92,5	94,2	91,2
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner pr. barn i kommunal barnehage	124 875	132 433	148 261	157 275

Kommunen har ein auke frå 2011 og ein høgare del barn med barnehageplass enn Kostra gruppa. Vi nyttar om lag same del av dei samla utgiftene til barnehagedrift som kostragruppa. Kommunen yter 100 % tilskot til ikkje-kommunale barnehagar. Kommunen ligg framleis under Kostra gruppa på brutto driftsutgifter pr. barn i kommunale barnehagar. Auken i kostnader er truleg ein følgje av ein vekst i barnehageplassar for barn under 3 år. Desse er dobbelt så dyre som for barn over 3 år.

Drifts- og rekneskapsresultat
Drift

Barnehage	Tal barn pr 15.12. 10	Tal barn pr 15.12.11	Tal barn pr 15.12.12	Avd.	Barn over 3 år	Barn under 3 år
Furuli	75	77	78	4	54	24
Kyrkjebakken	58	57	58	4	39	19
Kjørnes	47	51	54	3	35	19
Notsete	25	26	20	2	9	11
Ylvisåker	27	27	26	2	20	6
Fjærland	14	15	13	1	10	3
Stedje	65	68	69	4	53	16
Rones	82	76	78	4	51	27
Studentbhg.	44	40	42	3	20	22
Sum	**437**	**437**	**438**	**27**	**291**	**147**

Totalt har 438 barn barnehageplass ved utgangen av året. Alle barnehagane tilbyr heile og delte plassar med unntak av Studentbarnehagen som berre har heile plassar. 32 barn har 60% plass, 7 barn har 80% plass.

Rekneskapsresultat
Tenesteområdet har eit samla meirforbruk på kr. 220 000 – sjå omtale under kvart ansvar.

Furuli, Kyrkjebakken, Notsete, Kjørnes – ansvar 500 – 504.
Ansvarsområda har eit mindreforbruk på kr. 312 000, som skuldast for mykje budsjettert løn/sosiale utgifter og for lite budsjettert refusjonar frå staten.

Spesialpedagogisk hjelp – ansvar 519
Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr. 902 000 som skuldast ikkje budsjettert refusjon frå UDI for 4-5 åringar barnehagen, mindre behov for spesialpedagogiske tiltak i dei private barnehagane enn budsjetterte og ikkje budsjetterte refusjonar. I tillegg var det mindre søknader til spesialpedagogiske tiltak hausten 2012 enn det vi forventa.

Private barnehagar – ansvar 510 – 514
Ansvarsområda har eit meirforbruk på kr. 1 435 000. Nye presiseringar sentralt knytt til forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentleg tilskot til ikkje-kommunale barnehagar gjer at vi må endre/justere tilskotet til dei ikkje-kommunale barnehagane. Det er i hovudsak pensjonspremien som har medført at sats for heildagsplass har auka monaleg. I tillegg kjem etterrekning for 2011.

Resultatmål 2012

Resultatmål	Resultat
Økonomi	
Vi skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet.	Tenesteområdet har eit meirforbruk på kr. 220 000, sjå omtale under drifts- og rekneskapsresultat.
Brukar	
Vi skal tilby barnehageplass til alle som har rett på plass.	Alle som har rett til barnehageplass, har fått plass.
Vi skal gjennomføre språkkartlegging i barnehagane i samsvar med den kommunale barnehagestrategien.	Alle barnehagane gjennomfører språk-kartlegging i samsvar med den kommunale barnehagestrategien.
Medarbeidar/interne prosessar	
Vi skal halde fristane i årshjulet	Vi har halde 100% av fristane i årshjulet.
Vi skal ha gjennomført medarbeidarsamtale med alle tilsette i meir enn 20% stilling.	Vi har gjennomført medarbeidarsamtale med alle som er tilsett i meir enn 20% stilling.
Sjukefråværet på eininga skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane.	Sjukefråværet er på 6,4% mot 9,1 i 2011. Landssnittet er på 9,9%
Alle styrarane og minimum ein pedagogisk leiar i kvar barnehage skal delta på vidareutdanning i barnehageleiing.	Tiltaket er gjennomført.
Vi skal lage ein kompetanseplan for tilsette i alle dei kommunale planane.	Kartlegging av kompetanse skal gjennom-førast ved hjelp av nytt personalsystem i kommunen. Dette arbeidet er i gang og vil verte ferdigstilt i 2013.
Utviklingsoppgåver	
Barnehagane skal ha særskild fokus på å fremje god fysisk helse og skape glede ved å ferdes i naturen.	Dette året har alle barnehagane hatt fysisk og psykisk helse som tema.
Vi skal forbetre samarbeid og prosedyre for det spesialpedagogiske arbeidet.	Arbeidet er i gang som ein del av skule/ barnehagenettverket i indre Sogn. Barnehagane i kommunen har etablert ei eiga arbeidsgruppe for å vere i forkant og verte ei ressursgruppe for det regionale arbeidet.
Barnehagane skal gjennomføre mål og tiltak i "Strategi for arbeidet med minoritetsspråklegebarn i barnehagen"	Barnehagane har planen med i sitt årsplanarbeid og integrerer dei ulike tema i sine opplegg. Det står att å ta tak i fleire av tiltaka i planen og slik sikre betre måloppnåing.
Barnehagane skal lage framdriftsplan for implementering av revidert barnehageplan.	Framdriftsplanen er utarbeidd og godt implementert i barnehagane sitt arbeid.
Barnehagane i Sogndal kommune skal gjennomføre kvalitetsprosjekt på fagområdet Nærmiljø og samfunn	Prosjektet er avslutta og presentert på barnehagestemnet i januar 2013, der alle barnehagetilsette i regionen var samla.
Vi skal ha gjennomført to nye folkehelsetiltak i 2012.	Notsete barnehage laga møteplass i skogen for heile grenda for å få vaksne og barn meir

	fysisk aktive. Stedje barnehage gjennomførte topptur og eit klatreprosjekt. Kjørnes barnehage fann tradisjonar i lokalmiljøet som barna kunne verte kjende med og brukte eple som bakgrunn for eit entreprenørprosjekt.

3.8 Fjærland oppvekstsenter

Innhald i tenesteområdet

Tenesteområdet omfattar drift og utvikling av Fjærland oppvekstsenter (Fjærland skule, SFO, Fjærland barnehage). Eininga har hatt 7,5 årsverk i 2012.

Felles nøkkeltal Kostra for skule og oversyn over spesialundervisning ligg under fag og utvikling.

Drifts- og rekneskapsresultat

Drift

Fjærland skule	2010/11	2011/12	2012/13
Elevar	34	32	35
Tal grupper/klassar	3	3	3
Brukarar SFO	6	6	6
Fjærland barnehage			
Tal barn	14	16	13

Rekneskapsresultat

Tenesteområdet har eit samla mindreforbruk på kr 233 000, som i hovudsak skuldast lågare lønsutgifter enn budsjettet, låg sjukefråvær og nøktern drift generelt. Mindreforbruket er tilbakeført eininga i samsvar med fullmakt til rådmannen.

Resultatmål 2012

Resultatmål	Resultat
Økonomi	
Vi skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet.	Tenesteområdet har eit mindreforbruk på kr. 233 000, sjå omtale under drifts- og rekneskapsresultat.
Brukar	
Elevane sin trivsel skal minst liggje på landssnittet.	Elevundersøkinga syner eit snitt på 4,4. Landssnittet ligg på 4,4.
Vi skal vere ein skule utan mobbing.	Elevundersøkinga syner eit snitt på 1.2. Landssnittet ligg på 1.4. Vi har særleg fokusert på sosial kompetanse som førebyggjande tiltak når det gjeld trivsel og læring.
Gjennomsnittlege resultat for lesing, engelsk og matematikk for 5. klasse skal liggje over landssnittet, og alle elevar skal gjennomføre nasjonale prøver.	Vi ligg litt under landssnittet i matematikk, og godt under landssnittet i lesing og engelsk. 14,3 % er fritatt i alle prøvene
Vi skal gjennomføre språkkartlegging i barnehagen i samsvar med den kommunale barnehagestrategien.	Vi har gjennomført språkkartlegging i samsvar med den kommunale barnehage-strategien.

Medarbeidar/interne prosessar	
Vi skal halde fristane i årshjulet.	Vi har halde 100% av fristane i årshjulet.
Vi skal ha gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.	Vi har gjennomført medarbeidarsamtale med alle tilsette i meir enn 20% stilling.
Sjukefråværet på eininga skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane.	Sjukefråværet er på 2,8% mot 1,2% i 2011. Landssnittet er på 9,9%.
Utviklingsoppgåver	
Vi skal følgje opp strategisk skuleplan og Sats på skulen – snu Sogn programmet med vekt på skuleeigarrolla, regionale nettverk, tilpassa opplæring og utdanningsprogram for barnehagane.	Sjå 10 på topp.
Vi skal vidareutvikle vurderingssystemet for undervegs- og halvårsvurdering.	Vi har arbeidd med innhaldet i elev- og foreldresamtalar med vekt på framover-vurdering. Skulen har utarbeidd årshjul for vurdering.
Vi skal vidareutvikle etablert SFO-tilbod med vekt på kulturopplevingar og kontakt med nærmiljøet.	Elevane har gjennomført kunstprosjekt, varierte formingsaktivitetar og har vitja fleire næringsverksemder i bygda.
Vi skal gjennomføre strategi for minoritetsspråklege barn i barnehagen.	Oppvekstsenteret har ikkje minoritets-språklege barn.
Vi skal ha gjennomført to nye folkehelsetiltak i 2012.	Vi har fokusert på sunn og næringsrik nistemat i skule- og barnehagetida og særleg ved utflukter. I tillegg har vi gjennomført ei felles økt kvar veke med fysisk aktivitet for alle tilsette og elevar ved skulen.

3.9 Norane oppvekstsenter

Innhald i tenesteområdet

Tenesteområdet omfattar drift og utvikling av Norane oppvekstsenter (Norane skule, Norane skulefritidsordning og Ylvisåker barnehage). Eininga har hatt 13 årsverk i 2012.

Felles nøkkeltal Kostra for skule og oversyn over spesialundervisning ligg under fag og utvikling.

Drifts- og rekneskapsresultat

Drift

Norane skule	2010/11	2011/12	2012/13
Elevar	50	51	58
Grupper/lassar	3 (4)	3 (4)	4
Brukarar SFO	6	6	4
Ylvisåker barnehage			
Tal barn	27	28	27

Rekneskapsresultat

Tenesteområdet ar eit samla mindreforbruk på kr. 210 000, sjå omtale under kvart ansvar. Mindreforbruk er tilbakeført eininga i samsvar med fullmakt til rådmannen.

Norane skule – ansvar 530
Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr. 328 000 som skuldast innsparing på løn (samanslåing av elevgrupper ved sjukefråvær) og nøktern bruk av rammetimar.

Norane SFO – ansvar 531
Ansvarsområdet har eit meirforbruki på kr. 5 000 som skuldast nedgang i salsinntekter.

Ylvisåker barnehage – ansvar 535
Ansvarsområdet har eit meirforbruk på kr. 114 000 som skuldast høgare lønsutgifter i samband med sjukefråvær og lågare salsinntekter enn budsjettert.

Resultatmål 2012

Resultatmål	Resultat
Økonomi	
Vi skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet.	Tenesteområdet har eit mindreforbruk på kr. 210 000, sjå omtale under drifts- og rekneskapsresultat.
Brukar	
Elevane sin trivsel skal minst liggje på landssnittet.	Resultata frå Skuleporten.no syner eit snitt på 4,7 (sosial trivsel). Landssnittet er på 4,4.
Vi skal vere ein skule utan mobbing.	Resultata frå Skuleporten.no syner eit resultat på 1,4. Landssnittet er på 1,4.
Gjennomsnittlege resultat for lesing, engelsk og matematikk for 5. klasse skal liggje over landssnittet, og alle elevar skal gjennomføre nasjonale prøver.	Resultata frå nasjonale prøver på 5. årstrinn i rekning ligg på landssnittet, medan resultatet i lesing og engelsk ligg godt under landssnittet. 33,3 % er fritatt i rekning og engelsk
Vi skal gjennomføre språkkartlegging i barnehagen i samsvar med den kommunale barnehagestrategien.	Vi har gjennomført språkkartlegging i barnehagen i samsvar med barnehage-strategien.
Medarbeidar/interne prosessar	
Vi skal halde fristane i årshjulet.	Vi har halde 100% av fristane i årshjulet.
Vi skal ha gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.	Det er gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.
Sjukefråværet på eininga skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane.	Sjukefråværet er på 4,7% mot 5,5% i 2011. Landssnittet er på 9,9%.
Utviklingsoppgåver	
Vi skal følgje opp strategisk skuleplan og Sats på skulen – snu Sogn programmet med vekt på skuleeigarrolla, regionale nettverk, tilpassa opplæring og utdanningsprogram for barnehagane.	Sjå 10 på topp.
Vi skal vidareutvikle vurderingssystemet for undervegs- og halvårsvurdering.	Vi har i 2012 prøvd ut, evaluert og forbetra systemet vårt for vurdering.
Vi skal vidareutvikle MILL som metode ved Norane skule og lage eit bibliotek av gjennomførde MILL opplegg.	Vi gjennomfører to MILL opplegg i året, av desse skal minst eitt vere nytt. På denne måten får vi utarbeidd oss ein «bank».
Vi skal forsette arbeidet med å implementere strategiplan for SFO med fokus på omsorg	Planen er handsama i personalgruppa og

og tryggleik, leik og kulturaktivitetar.	innarbeidd i årsplanen for SFO.
Vi skal starte arbeidet med å implementere den nye strategiplanen for barnehagen med fokus på "barnehagen som læringsarena".	Vi har utvikla idépermar innan 3 emne/fag-område (musikk/drama, året og turar i nærmiljøet).
Vi skal gjennomføre strategi for minoritetsspråklege barn i barnehagen.	Tiltaket er gjennomført.
Vi skal ha gjennomført to nye folkehelsetiltak i 2012.	Vi har gjennomført foreldremøte med helsesøster og tannhelsepersonell med fokus på helse/tannhelse, fysisk aktivitet og kosthald.

3.10 Kaupanger skule

Innhald i tenesteområdet
Tenesteområdet omfattar drift og utvikling av Kaupanger skule inkludert skulefritidsordninga/ leirskule og opplæring av born i asylmottak. Eininga har hatt 28 årsverk i 2012.

Felles nøkkeltal Kostra for skule og oversyn over spesialundervisning ligg under fag og utvikling.

Drifts- og rekneskapsresultat
Drift

	2010/11	2011/12	2012/13
Elevtal	200	196	192
Tal undervisningsgrupper	10	10	10
Brukarar SFO	41	44	35

Rekneskapsresultat
Tenesteområdet har eit samla meirforbruk på kr. 226 000 som i hovudsak skuldast auka/ikkje budsjetterte kostnader til ressurskrevjande elevar og auka kostnader i samband med fødselspermisjonar/vikarar.

Resultatmål 2012

Resultatmål	Resultat
Økonomi	
Vi skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet.	Tenesteområdet har eit meirforbruk på kr. 226 000, sjå omtale under drifts- og rekneskapsresultat.
Brukar	
Elevane sin trivsel skal minst liggje på landssnittet.	Elevundersøkinga i 7. og 10. klasse syner eit resultat på 4,6 og 4,7. Landssnittet ligg på 4,4 og 4,3.
Vi skal vere ein skule utan mobbing.	Elevundersøkinga syner eit snitt på 1,1 for både 7. og 10. klasse. Landsnittet ligg på 1.4 for begge årsstega.
Gjennomsnittleg resultat for 5. 8. 9. og 10. årssteg i lesing, rekning og engelsk skal minst liggje på landssnittet, og alle elevar skal gjennomføre nasjonale prøver.	Alle klassane ligg høgt over landssnittet i alle fag. Skulen ligg på landstoppen når det gjeld gjennomsnittet over 5 år. 9,1 % er fritatt i alle prøver på 5.steg. 5 % i lesing og rekning på 8.steg, og 3,6 % i lesing

	og rekning 9. steg.
Vi skal leggje til rette for at alle elevane skal gjennomføre eksamen og ha tilgang til PC.	Ein elev gjekk ikkje opp til eksamen grunna sjukemelding. Alle har tilgang til PC.
Medarbeidar/interne prosessar	
Vi skal halde fristane i årshjulet.	Vi har halde 100% av fristane i årshjulet.
Vi skal ha gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.	Vi har gjennomført medarbeidarsamtale med alle tilsette i meir enn 20% stilling
Sjukefråværet på eininga skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane.	Sjukefråværet er på 4,7% mot 3,3% i 2011. Landssnittet er på 9,9%.
Utviklingsoppgåver	
Vi skal følgje opp strategisk skuleplan og Sats på skulen – snu Sogn programmet med vekt på skuleeigarrolla, regionale nettverk og tilpassa opplæring.	Sjå 10 på topp.
Vi skal fortsetje å utvikle vurderingssystemet for undervegs- og halvårsvurdering.	Systemet er ferdig utvikla og implementert i heile organisasjonen.
Vi skal fortsetje arbeidet med å implementere SFO plan med hovudvekt på omsorg og tryggleik og fysisk aktivitet og sunt kosthald.	Tiltaket er gjennomført.
Vi skal søkje om nytt Comeniusprosjekt i 2013 med nye samarbeidspartar	Tiltaket er utsett til 2014 grunna deltaking i ulike forskingsprosjekt i 2013.
Vi skal ha eit omfattande evalueringsprosjekt i 2012 for å lage skulen sin interne utviklingsplan 2013 – 2016.	Tiltaket er gjennomført
Vi skal ha gjennomført to nye folkehelsetiltak i 2012.	Vi har hatt fokus på elevane sitt kosthald når det gjeld nistepakke og vareutval i kantina, og FAU har kome med innspel til vareutvalet. I tillegg har vi dagleg fysisk aktivitet for elevane og stor grad av uteskule. Vi har vitalisert miljønemnda sitt arbeid inn mot eit godt arbeidsmiljø med mellom anna fellesopplegg utanfor arbeidstida. Skulen fekk kommunen sin folkehelsepris i 2012.

3.11 Trudvang skule

Innhald i tenesteområdet
Tenesteområdet omfattar drift og utvikling av Trudvang skule og SFO og norskopplæring for vaksne i institusjon. Eininga har hatt 37,4 årsverk i 2012.

Felles nøkkeltal Kostra for skule og oversyn over spesialundervisning ligg under fag og utvikling.

Drifts- og rekneskapsresultat
Drift

	2010/11	2011/12	2012/13
Elevtal	434	325	317

Undervisningsgrupper	20	15	15
Brukarar SFO	124	130	121

Frå og med 2011 vart skulen 1-5 skule.

Rekneskapsresultat
Tenesteområdet har eit samla mindreforbruk på kr 26 000. I tillegg har eininga nytta eigne driftsmidlar f til opprusting av uteområdet og Murbygget. Mindreforbruket er tilbakeført eininga i samsvar med fullmakt frå rådmannen.

Resultatmål 2012

Resultatmål	Resultat
Økonomi	
Vi skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet.	Tenesteområdet har eit mindreforbruk på kr. 26 000, sjå omtale under drifts- og rekneskapsresultat.
Brukar	
Elevane sin trivsel skal minst liggje på landssnittet.	Elevundersøkinga syner eit resultat på 4,6 (sosial trivsel). Landsnittet er på 4,4.
Vi skal ha ein skule utan mobbing.	Elevundersøkinga syner er resultat på 1,3. Landssnittet er på1,4.
Gjennomsnittlege resultat for lesing, rekning og engelsk for 5. årstrinn skal liggje over landssnittet, og alle elevar skal gjennomføre nasjonale prøver.	Alle resultata ligg over landsnittet. Det var med bakgrunn i reglementet for nasjonale prøver gjeve 1,7 % fritak i engelsk og rekning
Medarbeidar/interne prosessar	
Vi skal halde fristane i årshjulet.	Vi har halde 83,3% av fristane i årshjulet.
Vi skal ha gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.	Det er gjennomført medarbeidarsamtale med 40 av 43 tilsette i meir enn 20% stilling.
Sjukefråværet på eininga skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane.	Sjukefråværet er på 5,4% mot 6.1% i 2011. Landssnittet er på 9,9%.
Utviklingsoppgåver	
Vi skal følgje opp strategisk skuleplan og Sats på skulen – snu Sogn programmet med vekt på skuleeigarrolla, regionale nettverk, tilpassa opplæring/læringsstrategiar.	Sjå 10 på topp.
Vi skal ta i bruk nytt vurderingssystem for undervegs- og halvårsvurdering.	Det er utarbeidd rutinar og skjema for halvårsvurdering og som skulen har teke i bruk.
Vi skal vidareutvikle entreprenørskapstanken og lokal entreprenørskapsplan.	Skulen sin plan for entreprenørskap er gjennomgått og revidert i samsvar med strategisk skuleplan.
Vi skal vidareutvikle MILL tenkinga.	Tiltaket er gjennomført.
Vi skal prøve ut og fase inn endeleg fordeling av timar og fag mellom Trudvang skule 1.-5. trinn og Kvåle skule 6.-10. trinn.	Innfasinga er gjennomført, og vi arbeidar vidare med overgangsplanar mellom skulane.
Vi skal halde fram med å implementere ny plan for SFO med vekt på idretts- og frilufts-aktivitetar og leik.	Tiltaket er gjennomført.

Vi skal ha gjennomført to nye folkehelsetiltak i 2012.	Psykisk helse har vore tema på nokre foreldremøte hausten 2012. Elevane sine matvaner har vore tema som ein del av undervisninga.

3.12 Kvåle skule

Innhaldet i tenesteområdet
Tenesteeininga Kvåle skule omfattar drifta og utviklinga av Kvåle skule. Eininga har hatt 42,8 årsverk i 2012.

Felles nøkkeltal Kostra for skule og oversyn over spesialundervisning ligg under fag og utvikling.

Drifts- og rekneskapsresultat
Drift

	2010/11	2011/12	2012/13
Elevtal	238	352	349
Undervisningsgrupper	9	15	15

Rekneskapsresultat
Tenesteområdet har eit mindreforbruk på kr. 226 000 som i hovudsak skuldast auka inntekter knytt til gjesteelevar og refusjonar i samband med sjukemeldingar. Mindreforbruket er tilbakeført eininga i samsvar med fullmakt til rådmannen.

Resultatmål 2012

Resultatmål	Resultat
Økonomi	
Vi skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet.	Tenesteområdet har eit mindreforbruk på kr. 226 000, sjå omtale under drifts- og rekneskapsresultat.
Brukar	
Elevane sin trivsel skal minst liggje på landssnittet.	Elevundersøkinga syner eit snitt på 4,6 for både 7. trinn og 10. trinn. Landssnittet er på 4,4 og 4,3.
Vi skal vere ein skule utan mobbing.	Elevundersøkinga syner eit snitt på 1.3 for 7. trinn og 1.2 for 10. trinn. Landssnittet er 1.4 for begge aldersgruppene.
Gjennomsnittleg resultat for 8.og 9. i lesing, rekning og engelsk skal minst liggje på landssnittet, og alle elevar skal gjennomføre nasjonale prøver.	Skulen ligg over landsnittet for alle prøvene på 8. trinn. For 9. trinn ligg ein på snittet for lesing, og godt over snittet for rekning. Alle elevane har gjennomført prøvene.
Vi skal leggje til rette for at alle elevane skal gjennomføre eksamen og ha tilgang til PC.	Alle elevane har gjennomført eksamen og har tilgang til PC.
Medarbeidar/interne prosessar	
Vi skal halde fristane i årshjulet.	Vi har halde 100% av fristane i årshjulet.
Vi skal ha gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.	Vi har gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.

Sjukefråværet på eininga skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane.	Sjukefråværet er på 5,9% mot 6,4% i 2011. Landssnittet er på 9,9%.
Utviklingsoppgåver	
Vi skal følgje opp strategisk skuleplan og Sats på skulen – snu Sogn programmet med vekt på skuleeigarrolla, regionale nettverk og tilpassa opplæring/læringsstrategiar.	Kommunen har delteke i KS sitt nettverk for skuleigar. Skulen har hatt deltakarar på alle fagnettverk.
Vi skal utarbeide og ta i bruk nytt vurderingssystem for undervegs- og halvårsvurdering.	Skulen har delteke i den samla kompetanse-oppbygginga i kommunal regi og vidare-utviklar dette i eigen regi gjennom digital læringsplattform og eigne studiesirklar.
Vi skal vidareutvikle entreprenørskap og utdjupe og leggje til rette for aktiv bruk av utdanningsval på ungdomssteget.	Skulen sine utviklingsplanar vert no rullert for å vektleggje denne delen av undervisninga. Utdanningsval er ein del av utviklings-samtalen med elev/foreldre. Dei nye valfaga på 8. trinnet fokuserer og på dette faget.
Vi skal ha fokus på overgang grunnskule – vg. skule jf. strategisk skuleplan.	Arbeidet med overgang frå grunnskulen til vidaregåande skule vert gjennomført i 2013.
Vi skal satse på utviklingsoppgåver knytt til læringsstrategiar, klasseleiing og internasjonalt arbeid.	Det er utarbeidd malar og retningsliner for MILL i klasserommet, og det har vore arbeidd aktivt med klasseleiing. Skulen har no på andre året delteke i Comenius programmet saman med 5 andre land i Europa.
Vi skal leggje til rette for eit godt sambruk av ute arealet ved Kvåle skule utanfor kjernetida 1000-1400 kvar dag.	Det er dialog mellom Kvåle skule, Sogndal vidaregåande skule og Sogndal Fotball om best mogleg dagleg bruk av området.
Vi skal ha gjennomført to nye folkehelsetiltak i 2012.	Skulen deltek i programmet FRI – eit tiltak for å førebygge rus og narkotika. Vidare er det etablert eit nært samarbeid med BUP om førebyggande tiltak.

3.14 Tverrgåande områder

3.14.1 Støtteeining Tenestetorg/IKT

Innhald i tenesteområdet

Tenesteområdet omfattar tenestetorg, nettsida og samordning av informasjonsarbeidet, drift og vedlikehald av ikt-system, post, arkiv og folkevaldsekretariat. Eininga har hatt 7,8 årsverk i 2012.

Drifts- og rekneskapsresultat
Tenesteområdet har eit samle mindreforbruk på kr. 356 000, som i hovudsak skuldast mindreforbruk på drift og vakante stillingar. Mindreforbruket er tilbakeført eininga i samsvar med fullmakt til rådmannen.

Resultatmål 2012

Resultatmål	Resultat
Økonomi	
Vi skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet.	Tenesteområdet har eit mindreforbruk å kr. 356 000, sjå omtale under drifts- og rekneskapsresultat.
Medarbeidar/interne prosessar	
Vi skal halde fristane i årshjulet.	Vi har halde 83,3% av fristane i årshjulet.
Vi skal ha gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.	Vi har gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.
Sjukefråværet på eininga skal ligge under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane.	Sjukefråværet er på 7,3% mot 3,6% i 2011. Landssnittet er på 9,9%.
Vi skal ha gjeve ut «Saman om» med minst 4 nummer.	Vi har gjeve ut 4 nummer av «Saman om» i 2012.
Alle nytilsette skal få tilbod om opplæring i relevante dataprogram innan 3 månader.	Alle nytilsette har fått tilbod om opplæring innan 3 månader.
Vi skal ferdigstille oppgradering av arkiv-lokalet og ordning av arkivmaterialet.	Nytt arkivlokale er ferdigstilt, og arbeidet med å ordne arkivmaterialet er i gang.
Utviklingsoppgåver	
Vi skal revidere arkivplanen slik at denne vert tilpassa nye krav om elektronisk saks-handsaming og fullelektronisk arkiv for sentralarkivet.	Arbeidet med arkivplanen er på det næraste ferdig, og vil verte ferdigstilt i 2013.
Vi skal planleggje elektronisk sakshandsaming og fullelektronisk arkiv for sentralarkivet.	Tiltaket er utsett til vi har avklart med fylkeskommunen om vi skal oppgradere eksisterande system eller vurdere nytt.
Vi skal gjennomføre regional ikt strategi.	Sjå under fag og utvikling.
Vi skal ha gjennomført 2 nye folkehelsetiltak i 2012.	Vi har fokusert på å publisere helsefremjande aktivitetar på nettsida. Vi har hatt ein person på språkpraksis i kantina, der vedkomande har laga sunne lunsjmåltid.

3.14.2 Støtteeining økonomi og personal

Innhald i støtteeininga
Tenesteområdet omfattar drift og utvikling av økonomisk planlegging og styring, rekneskap, løn, skattar og avgifter. Innanfor desse fagfelta skal eininga leggje til rette, støtte og utføre oppgåver for tenesteeiningane. Eininga har hatt 9,1 årsverk i 2012.

Drifts- og rekneskapsresultat
Tenesteområdet har eit samla mindreforbruk på kr. 720 000. Kr. 413 000 av dette skuldast vakante stillingar og høgare gebyrinntekter enn budsjettert. I samband med byte av lønssystem oppsto det avvik som følgje av feil kodebruk på avsetjing feriepengar og på arbeidsgivaravgift. Dette utgjer kr 308 000 og er i samråd med revisor tilbakeført (inntektsført) i 2012. Av det samla mindreforbruket er kr. 413 000 tilbakeført eininga i samsvar med fullmakt til rådmannen.

Driftstal

Andre driftstal	2010	2011	2012
Leverandørbilag	11 593	10 318	10 559
Hovudbokbilag	6 491	6 422	8 521
Kundefaktura	16 291	15 658	16 251

Skatterestansar pr 31.12:	2010	2011	2012
Restanse forskotsskatt, person i % av utskriven skatt	5,69%	4,14%	11,1%
Restanse i % av utlikna restskatt, person	7,37%	9,05%	8,73%
Restanse i % av utlikna restskatt	2,64%	2,11%	5,60%

Resultatmål 2012

Resultatmål	Resultat
Økonomi	
Vi skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet.	Tenesteområdet har eit mindreforbruk på kr. 308 000, sjå omtale under drifts- og rekneskapsresultat.
Brukar	
Vi skal ha fortløpande oppfølging av restanselister for skatt.	Det er etablert gode rutinar for oppfølging av restanseliste på skatt.
Vi skal nå resultatkrav knytt til skatte-innkrevjing og ha utført arbeidsgjevar-kontrollar på 5% av leverandørar.	Det er utført til saman 17 kontrollar i 2012. Dette er i samsvar med resultatkravet.
Medarbeidar/interne prosessar	
Vi skal halde fristane i årshjulet.	Vi har halde 83,3% av fristane i årshjulet.
Vi skal ha gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.	Det er gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir inn 20% stilling
Sjukefråværet på eininga skal ligge under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane.	Sjukefråværet er på 9% mot 7,2% i 2011. Landssnittet er på 9,9%.

Vi skal gjennomføre ei felles ordning for kompetanseplanlegging.	Sjå 10 på topp.
Vi skal ha gjennomgått arbeidsrutinar knytt til økonomi, løn og personal og skriftleggjere desse og sikre full integrasjon mot forsystem innan utgangen av 2012.	Arbeidet er sett i gang og vil verte vidareført i 2013. Sjå og 10 på topp.
Vi skal betre kvalitetssikring av innrapportering til Kostra.	Arbeidet er sett i gang og vil verte vidareført i 2013.
Utviklingsoppgåver	
Vi skal gjennomgå struktur og oppbygging av styringsdokument.	Arbeidet er sett i gang og vil verte vidareført i 2013.
Vi skal utarbeide forslag til økonomi-reglement.	Tiltaket er ikkje sett i gang, men vil verte prioritert i 2013 som ein del arbeidet med kvalitetssystemet.
Vi skal utarbeide rutinar for finansforvaltning.	Arbeidet er sett i gang og vil verte ferdigstilt i 2013 som ein del av arbeidet med kvalitets-systemet.
Vi skal ha gjennomført to nye folkehelse-tiltak i 2012.	Det er gjennomførd tiltak for fysisk aktivitet for tilsette på eininga.

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Vi viser til vedtak i kommunestyret om at årsmelding skal omhandla HMT-målsettingar og HMT-nøkkeltal. Nøkkeltala er: sjukefråvær, medarbeidartilfredsheit og tal medarbeidarsamtaler.

Auke i tal utført årsverk frå 2012 til 2013 er ca. 7 årsverk, auke på ca.1,4%.

Tabell 1

Eining:	2010	2011	2012
IKT - Tenestetorg	8,9	8,9	7,8
Kultur /Bibliotek	5	5,2	4
Kommunalteknikk	31	31	35,4
Plan og næring	11	11	9,25
Helse- og sosiale tenester	62	66	66
Barn og unge	19,5	22	20,7
Pleie/omsorg	113	117	123
Barnehagar	49	51	54
Fjærland oppvekstsenter	8	7	7,5
Norane oppvekstsenter	14	12,5	13
Kaupanger skule	29,5	29,5	28
Kvåle skule		42	42,8
Trudvang skule		33,5	37,4
Økonomi og personal	10	10,5	9,1
Fag og utvikling	19,7	22	19,8
	458	471	478

Sjukefråvær
Tabell 2

Eining:	2010	2011	2012
IKT - Tenestetorg	3,3	3,6	7,3
Kultur/bibliotek	0,5	11,8	8,2
Kommunalteknikk	5,9	5,6	7,1
Plan og næring	1,8	1,1	3,1
Helse- og sosiale tenester	5,5	3,9	5,3
Barn og unge	4,4	10,3	9
Pleie/omsorg	7	8,2	8,1
Barnehagar	6,1	9,1	6,4
Fjærland oppvekstsenter	3,6	1,2	2,8
Norane oppvekstsenter	4,5	5,5	4,7
Kaupanger skule	2,3	3,3	4,7
Trudvang skule	4,4	6,1	5,4
Kvåle skule	1,9	6,4	5,9
Økonomi og personal	3,2	7,2	9
Fag og utvikling	3,4	4,9	4,2
Samla	**4,9**	**6,3**	**6,5**

Vi har hatt ein mindre auke samanlikna med 2011. Landssnittet er på 9,9% for kommunane (pr. 1.10.2012).

Tabell 3
Prosentfordeling alder / kvinner-menn /eigemeldingar (1-8 dagar.)

Alder	2010	2011	2012	Eigemeldingar 1-8 dagsverk
20 - 30	4,8	5,8	3,9	1
31 - 40	5,8	6,4	7,9	0,9
41 - 50	4,2	5,5	5,6	1
51 - 60	4,9	7	7	0,9
61 - 70	5,4	7,9	8,7	0,7
Samla	**4,9**	**6,3**	**6,5**	**1**
Kvinner			7,1	1
Menn			4,3	0,6

Fråvær er størst og aukande i aldersgruppa 31-40 år og i aldersgruppa over 61 år.
Når det gjeld bruk av eigemeldingar er bruken minst i gruppa over 61 år.

Tabell 4
Bruk av eigemelding - sjukt barn u/ 12 år – kvinner /menn

Brukt dagsverk	Kvinner	Menn
429	380	49
100 %	88,50 %	11,50 %

I denne gruppa er det stor ulikheit mellom uttak i forhold til kjønn. Kvinner har eit vesentleg større uttak enn menn.

Tabell 5
Sjukefråvær i prosent etter kjønn.

Kjønn	2010	2011	2012
Kvinner	5,50	7,4	7,1
Menn	3,30	2,9	4,3

Auke i fråværet i 2012 har vore blant kvinnene, mennene har redusert fråværet.

Sjukefråværsoppfølging
Det vert jobba aktivt med oppfølging av sjukmelde, og det vert rapportert kvartalsvis. Rapporten vert sendt leiargruppe, avdelingsleiarar, verneombod, tillitsvalte og AMU. Korttidsfråværet har vore stabilt dei siste åra medan langtidsfråværet i 2012 har ein liten auke i samanlikna med 2011. Det er eit godt samarbeid med NAV, som bl.a. bidreg inn mot einingane, deltek i leiar- og personalmøte, oppfølgingsmøte og arbeidar tett opp mot personalavdelinga. Lite av fråværet er, etter det vi kjenner til, arbeidsrelatert. Betre aktivisering/opplæring av verneombod kan gje meir kunnskap om og betre grunnlag for planlegging av førebyggande tiltak i forhold til type fråvær. Auka nærvær gir auka kvalitet på tenestene.

Av tiltak for å redusere sjukefråvær kan vi nemne trening for utsette grupper i arbeidstida, konsultasjon og treningsrettleiing av fysioterapeut, tilrettelagt trening for alle 2 gonger i veka og tilsette som har belastande arbeid og høgt fråvær kan få avtale om å trene i arbeidstida. Vi yter tilskot til tilsette som er medlemar i Sogndal treningssenter, med kr. 100 i rabatt kvar månad. 120 tilsette er i dag medlemar i treningssenteret.

Hovudverneombod /verneombod:
Hovudverneombodet si viktigaste rolle er å vera talerøyr for arbeidstakarane i verne- og arbeidsmiljøspørsmål.

Kommunen har 15 verneområde. Alle verneomboda skal ha gjennomført 40-timar kurs. Bedriftshelsetenesta er sentral i tilrettelegging av kursa og samlingane.
Verneomboda deltek i årleg samling i januar saman med leiarar og tillitsvalde, der tema er budsjettet, orientering om aktuelle saker og HMT-arbeid, NAV deltek og orienterer om aktuelle saker.

Verneombod saman med leiar utfører vernerunde og samarbeider om arbeidet med HMT-plan.

Inkluderande arbeidsliv
Sogndal kommune vart inkluderande arbeidslivsverksemd 01.02.03. Ny IA-avtale er godtkjent for perioden 2012 – 2013. Det er utarbeida eigen brosjyre for tilsette i samband med oppfølgingsarbeidet. I samarbeid med NAV er det gjennomført systemrevisjon for HMT-arbeidet på helse og sosial einingа.

Det er gjennomført omplasseringar / utprøvingar i anna arbeid, dette er eit kontinuerleg arbeid. I samarbeid med NAV vert det utført kontinuerleg utprøving i arbeids- og funksjonsevne for personar som er til avklaring.

Delmål 1 Sjukefråvær
- Utarbeide mål for sjukefråværsarbeidet og sette resultatmål for sjukefråværsutviklinga.
- Etablere etterprøvbare aktivitetsmål

Delmål 2 Personar med redusert funksjonsevne
- Setje aktivitetsmål for oppfølgings- og tilretteleggingsarbeidet ovanfor eigne arbeidstakarar med redusert arbeidsevne, for å førebygge overgang frå arbeid til passiv ytingar.
- Setje aktivitetsmål for korleis vi skal opne for personar som NAV har avklart og som har behov for utprøving av sin arbeids- og funksjonsevne i det ordinære arbeidsliv.

Delmål 3 Avgangsalder
- Ha eit livsfaseperspektiv som skal inngå som ein del av kommunen sin personalpolitikk og i det systematiske førebyggjande arbeidet.
- Setje aktivitetsmål for korleis kommunen kan stimulere eldre arbeidstakarar til å forlenge sin yrkeskarriere.

Seniorpolitikk:
Fokus på å ha ein livsfasepolitikk som skal inngå som ein del av kommunen sin personalpolitikk og i det systematiske førebyggande arbeidet gjennom:

1. Medarbeidarsamtalar.
   Generell tilrettelegging av oppgåver og vilkår for den einskilde.
2. Ansiennitet i lokale tingingar - utteljing for tilsette med lang ansiennitet
3. Treningstilbod kvar torsdag kl. 15:00. Målgruppe tilsette som har stått lenge i jobb /belasta arbeid. Redusert pris medlemskap idrettssenter
4. Felles trening kvar tysdag kl. 16.00 Idrettssenteret (sykkel - styrke).
5. Informasjonsmøter kring pensjonsordningar (KLP/Statens pensjonskasse) for tilsette over 60 år.
6. Undervisningspersonalet: Særskilt seniortiltak regulert i sentral særavtale.

Pensjonar
Tabell 6

	2011		2012	
Nye uttak	Tal	Årsverk	Tal	Årsverk
AFP	10	4,9	6	6,4
Alderspensjon	9	8	15	9,5
Uførepensjon	5	4,6	5	2

Introduksjonskurs.
Vi arrangerte introduksjonskurs for alle nytilsette 2 gonger i 2012.

AKAN.
Sogndal kommune har utarbeida personretta/individuelle rutinar for AKAN-arbeidet.
Det har i 2012 ikkje vore meldt inn saker.

Røyke-kutt.
Det vart 01.0.7.2010 innført røykfrie kommunale områder, og tilbod om røykestoppkurs er eit fast tilbod til alle tilsette.

Handbok helse, miljø og tryggleik
Handbok for helse- miljø og tryggleik vart sist oppdatert etter ny IA-avtale desember 2012.

Medarbeidarsamtale
Samtalane skal gjennomførast for tilsette i meir enn 20 % stilling. Det vart gjennomført samtalar for 77 % av desse.

Medarbeidarundersøking
Det vert gjennomført medarbeidarundersøking kvart andre år, sist i mars 2013.
Undersøkinga gav følgjande resultat på kommunenivå:



Vi ser at det er ei positiv utvikling på fleire område frå undersøkinga i 2011. Ingen område har ei negativ utvikling. På dei fleste områda ligg vi på landsgjennomsnittet. Medarbeidarundersøkinga vert nytta som reiskap for å drøfte resultat og oppfølging på kvar tenesteeining. Forbetringstiltak skal leggjast inn i komande HMT-plan.

Tilsettedag
Det vert arrangert tilsettedag kvart 2. år, der føremålet er å gi alle tilsette ei felles oppleving med fagleg og sosialt innhald, og gje inspirasjon og motivasjon i arbeidsdagen.

Kompetanseplan
Kompetansekartlegginga vert sett i gang i 2012, og målet er at dette arbeidet skal vere ferdig innan 1. halvdel av 2013. Kompetansekartlegging vert gjort for å bli bevisst på kva for ressursar organisasjonen har, og for å sikre god kompetansestyring i tråd med verksemda sine kompetansekrav. I etterkant av kartlegginga vil vi starte arbeid med å lage ein strategisk kompetanseplan for kommune.

Arbeidsmiljøutvalet
Utvalet hadde 5 møte i 2012 og handsama 9 saker.

Bedriftshelseteneste.
Det er inngått avtale med Sogn Bedriftshelseteneste frå 1.4.2011. Det er utarbeida handlingsplan, både overordna og for kvar eining. Alle som er lovpålagt medlemskap er

innmeldt i ordninga. Pr. 31.12.2012 er 510 tilsette innmeldt i ordninga. Sogn BHT møter i AMU.

Likestilling
Kommunen skal som arbeidsgivar gjere greie for den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling i verksemda. I følgje likestillingslova § 1 a første og tredje ledd, så er alle kommunane pliktig å arbeide aktivt, målretta og planmessig for likestilling mellom kjønna.

Dersom søkjarar av begge kjønn er vurdert likt etter førre punkt, kan ein for stillingar innan omsorg og undervisning prioritere det kjønn som er underrepresentert.

Søkjarar frå EU/EØS-land vert å vurdera på lik linje med norske søkjarar m.o.t. teoretisk og praktisk utdanning samt dugleik.

Nedsett funksjonsevne
Følgjande er dedfelt i kommunen sitt tilsetjingsreglement: ”Arbeidstakar som har fått nedsett arbeidsevne skal vurderast omplassert til stillingar som vedkomande vert vurdert kvalifisert for. Ved førerett skal stillingar ikkje lysast ut, men det skal gjerast omplassering.” I samsvar med IA- avtale og oppfølgingsrutinane er det i løpet av dei siste åra gjort ei rekke omplasseringar som har ført til at tilsette har fått nye varige arbeidsplassar og er blitt hindra å bli utstøytt frå arbeidslivet. Pr. i dag har vi ikkje registrert omfanget av dette, det vert teke inn i retningslinjene for rapportering av likestillingsarbeidet i kommunen.

Beskyttelse mot trakassering
Som ein del av kvalitetsutviklingsarbeidet innførte kommunen i 2008 retningsliner for varsling mot trakasering. Retningslinene er innarbeidd i kommunen sitt arbeidsreglement, etiske retningsliner og retningsliner for introduksjon av nytilsette. Det var ingen saker til handsaming i varslingssekretariatet i 2012.

Integrering av innvandrarar
Det vart busett 22 personar i 2012, samt 8 personar i samband med familiesameining. Busettinga er i samsvar med førespurnad frå IMDI.

Kommunen har ei god utbygd flyktningteneste. Det er 3 tilsette fordelt på 2,6 årsverk.
Det er innarbeida eit godt samarbeid med dei andre einingane i kommunen, der spesielt pleie og omsorg, i tillegg til kommunalteknikk har auka tilsette frå denne gruppa.
Det er tilrettelagt aktivitetar som trening m.m, saman med andre tilsette. Utover dette er det eiga symjegruppe.

Tilsette i flyktningtenesta er aktive pådrivarar i arbeidet med å få integrert denne gruppa.
Det er oppretta ulike tilbod om språkpraksisplassar, og det er inngått eit nært samarbeid med NAV når det gjeld jobbsøking. Det er oppretta eiga kvinnegruppe, med fokus på kvinnene sine rettar i Norge. Helsesøster og politi er aktivt med i denne formidlinga.
Det er oppretta eit liknande tilbod for menn gjennom ei mannsgruppe. Tilsette med innvandrarbakgrunn representerer i dag 19 nasjonalitetar i arbeid i kommunen.

Rekruttering
Det er føreteke kartlegging av arbeidskraftbehovet innan dei ulike einingane og yrkesgruppene dei neste åra. Ved utlysing av ledige stillingar skal ein i einingar med skeiv kjønnsbalanse oppmode det underrepresenterte kjønn til å søke. Dersom søkjarar av begge kjønn er vurdert likt etter kvalifikasjonar, skal kvinner prioriterast når dei er underrepresentert i einingа jf. kommunen sitt tilsetjingsreglement. Kommunen har lik løn for likt arbeid i alle typar lønsfastsetjingar og som profil ved lokale lønstingingar.

Retningslinjer for uønska deltid.
Retningsliner for uønska deltid vart vedteke i administrasjonsutvalet 16.04.10.
Retningslinjene er innarbeida i personalpolitiske reglement og gjort kjende for alle tilsette.
Leiar m/personalansvar kartlegg og held oversikt over omfanget av uønska deltid i sin avdeling/sone, og rapporterer status til tenesteleiar. Når ei stilling skal lysast ut, skal ein

kvalifisert deltidstilsett som ønskjer utvida stilling, ha fortrinnsrett framfor eksterne kandidatar. Det er utarbeida skjema der deltidstilsette melder inn sitt ønskje. Tenesteleiar rapporterer status knytt til reduksjon av uønska deltid i årsrapporten. Uønska deltid førekjem i hovudsak i einingar med turnusarbeid – sjå tabell 12.

Tabell 7 viser fast tilsette, fordelt på kjønn, og årsverk, fordelt på ulike aldersgrupper.

	M			K			Total		
	Tal tilsette	Snitt alder	Årsverk	Tal tilsette	Snitt alder	Årsverk	Tal tilsette	Snitt alder	Årsverk
-20	5	19	1	4	20	1	**9**	**19**	**2**
20-29	9	25	7,6	66	26	41,8	**75**	**25,4**	**49,4**
30-39	19	39	21	101	36,4	76	**120**	**39,3**	**97**
40-49	33	40,5	26,3	135	43,2	104	**168**	**40,8**	**130,3**
50-59	27	53,5	29	128	54,4	107	**155**	**53,9**	**136**
60-69	22	63,7	15,5	71	63	47,7	**93**	**64,4**	**63,2**
Total	**115**	**40**	**100,4**	**505**	**42**	**377,5**	**620**	**42**	**477,9**

Tabellen viser at det er 620 fast tilsett, 81,4 % av desse er kvinner og 18,6 % er menn, mot 81 % kvinner og 19 % menn i 2011.

Tabell 8 viser tal tilsette, årsverk fordelt etter kjønn etter tilsett i eining 2012.

Arbeidsstad	Tilsett	årsverk	Tilsett	Årsverk	Sum tilsett	Sum årsverk	%-del tilsette		%-del årsverk	
K/V	K	K	M	M	K	M	K	M	K	M
Administrasjon	37	34,5	22	15	59	49,5	62,7	37,3	69,7	30,3
Kommunalteknikk	18	12	25	19	43	31	41,9	58,1	38,7	61,3
Plan/næring/	3	2,2	6	6	9	8,2	33,3	66,7	26,8	73,2
Kultur	7	4	0	0	7	4	100,0	0,0	100,0	0,0
Barnehagar	72	50,5	1	1	73	51,5	98,6	1,4	98,1	1,9
Helse /sosial	73	58	13	10	86	68	84,9	15,1	85,3	14,7
Barn og unge	32	21	4	0,5	36	21,5	88,9	11,1	97,7	2,3
Pleie /omsorg	153	117	4	4	157	121	97,5	2,5	96,7	3,3
skule/sfo	110	88	40	35	150	123	73,3	26,7	71,5	28,5
Til saman	**505**	**387,2**	**115**	**90,5**	**620**	**477,7**	81,5	18,5	81,1	18,9

Tabell 9 - Deltid / heiltid

Deltid / heiltid	2011		2012	
Fordeling stillingar	Deltid %	Heiltid %	Deltid %	Heiltid %
Pleie/omsorg	79	21	73	27
Kommunalteknikk ute	40	60	38	62
Assistent barneh.skule, sfo	51	49	50	50
Helse/sosial	75	25	57	43
Barn og unge	67	33	54	46
Adm. stillingar	38	62	32	68

Som tabellen viser er det i 2012 ein nedgang i tal deltidsstillingar samanlikna med 2011. Tabellen viser at einingar innanfor pleie/ omsorg, barn og helse har størst del deltid.

Tabell 10 Fordeling kvinner og menn etter stillingsprosent.

	I fjor 2011			I år 2012		
Still.storleik	Andel kvinner	Andel menn	Totalt antall	Andel kvinner	Andel menn	Totalt antall
under 35%	76	24	62	89	11	46
35-60%	93	7	111	88	12	118
61-80%	94	5	151	95	5	144
81-99%	88	12	70	92	8	62
100 %	68	32	230	70	30	240

Tabell 11 Kjønnsbalanse og løn i stillingsnivå og sektor								
		Kjønnsbalanse			**Løn (heile tusen)**		**Løn %-**	**Løn %**
Stillingsnivå		**K %**	**M %**	**Tal**	**K**	**M**	**K**	**M**
Kommunen totalt	I år	81,4	18,6	620	388	410	94	100
	I fjor	81,6	18,4	636	370	395	94	100
Toppleiing (eks. rådmanns leiargruppe)	I år	39	61	13	492	556	83	100
	I fjor	38	62	13	483	544	88	100
Mellomleiar (eks. einings-leiarar)	I år	73	37	30	491	483	100	98
	I fjor	72	38	30	473	465	100	98
Kat. 1 Utdanning utover 4 år.	I år	74	26	101	461	494	96	100
	I fjor	72	28	99	444	475	96	100
Kat. 2 Høgare utd. 1- 4 år	I år	89	11	234	405	432	93	100
	I fjor	86	14	232	390	416	93	100
Kat. 3 (Eks. faglærte)	I år	70	30	138	335	335	99	100
	I fjor	72	28	142	323	325	99	100
Kat. 4 (eks. ufaglærte)	I år	89	11	104	348	355	99	100
	I fjor	89	11	120	335	342	98	100

Tal kvinnedel har gått ned frå 81,6% til 81,4%. Lønsforskjellen mellom kvinner og menn er ingen endring frå 2011.

Tabell 12 Kjønnsbalanse – løn i einingane.

		Kjønnsbalanse			Løn (heile tusen)		I %	
Sektorar		K %	M %	Tal	K	M	K	M
Administrasjon	I år	62,7	37,3	47	403	430	93	100
	I fjor	65	35	46	387	414	93,0	100,0
Kommunaltekn.	I år	41,9	58,1	43	325	348	93	100
	I fjor	50	50	41	313	335	93,0	100,0
Plan/næring	I år	33,3	66,7	8,2	395	454	91	100
	I fjor	36	64	11	380	437	91,0	100,0
Kultur	I år	100	0	7	384		100	
	I fjor	100	0	8	370	---	100,0	0,0
Barnehagar	I år	98,6	1,4	73	359	320	100	88
	I fjor	98	2	78	345	307	100,0	88,0

	I fjor	88,9	11,1	36	394	420	94	100
Barn og unge	I år	91	8	38	378	403	94,0	100,0
	I år	86	14	86	390	385	100	99
Helse/sosial	I fjor	85	15	90	375	371	100,0	99,0
	I år	97,5	2,5	157	355	418	85	100
Pleie/omsorg	I fjor	98	2	164	342	402	85,0	100,0
	I år	73,3	26,7	150	425	450	94	100
Skule/sfo	I fjor	75,3	24,7	162	409	433	94,0	100,0
	I år	81,5	18,5	620				
Tal tilsette	I fjor			638				

Tabell 13 – Ufrivillig, deltid, permisjonar, fråvær – kvinner – menn.

		% -del kvinne	% -del menn	Dagsverk
	I år	100	0	
Ufrivillig deltid	I fjor	100	0	
	I år	99	1	
Foreldrepermisjon	I fjor	100	0	
	I år	88,5	11,5	429
Fråvær sjukt barn	I fjor	82	18	340
	I år	91	9	1098
Eigemeldingar	I fjor	85	15	1004
	I år	87	13	5110
Sjukmeldingar	I fjor	85	15	4925
Integrering	I fjor	86	14	19 personar
framandspråklege - tal	I år	81	29	22 personar

Som ein ser av tabellen er det kvinnene som tek ut hovudtyngda fråvær og permisjonar i forhold til den prosentvise delen av kvinner og menn.

Tabell 14

Ufrivillig deltid		
År	Pleie og omsorg	Helse og sosial
2010	23 %	24 %
2011	10 %	7 %
2012	9 %	4 %

Som tabellen viser er det her ein nedgang i tal ufrivillig deltid. Tilsette med ufrivillig deltid vert prioritert i samband med stillingane som vert ledige og tilbod om auke i stillingsprosent vert gjort utifrå kartlegginga i undersøkinga kvart år. Tilsette før høve til utviding av stilling der dette er muleg. Lærar og barnehagepersonell får høve til endring av stillingsstørrelse ein gong pr. år.

3.14.3 Fag og utvikling

Innhald i tenesteområdet
Tenesteområdet omfattar støttefunksjonar innan ulike område som pedagogisk konsulent, barnehagefagleg kompetanse, sekretariat for Sogn regionråd, det regionale ikt prosjektet, arbeid med flyktningar/norskopplæring, frivilligsentralen og beredskap. Tenesteområdet inneheld og kostnader knytt til rådmannsgruppa. Tenesteområdet har hatt 19,8 årsverk i 2012.

Nøkkeltal Kostra

Grunnskule	Sogndal 2010	Sogndal 2011	Sogndal 2012	Gruppe 8 2012
Korrigerte brutto driftsutgifter grunnskuleundervisning pr. elev (inkl. lokale/skyss)	91 705	93 633	96 820	96 170
Gjennomsnittleg gruppestorleik 1-4 årstrinn	11,9	13,1	12,1	13,5
Gjennomsnittleg gruppestorleik 5-7 årstrinn	12,5	13,2	12,6	12,9
Gjennomsnittleg gruppestorleik 8-10 årstrinn	13,4	15,1	13,9	15,1
Gjennomsnittleg grunnskulepoeng	41,4	42,6	43,5	Manglar

Gjennomsnittleg grunnskulepoeng er eit mål for samla læringsutbyte og bygger på avslutta karakterar. Grunnskulepoeng gjeld for skuleåra 09/10, 10/11 og 11/12 og ikkje for kalenderåret.

Ressursbruken i Sogndal kommune pr. elev ligg litt over Kostra gruppa. Slik var det òg i 2011, men differansen er meir enn halvert i 2012. Det vil seie at ressursbruken i skulane har auka noko. Differansen mellom kommunen og Kostra gruppa utgjer om lag 1,1 mill. kroner mot 2,5 mill. kroner i 2011. Indikatorane «gruppestorleik» er eit uttrykk for lærartettleik (elevtimar/lærartimar), og vi har lågare lærartettleik i alle tre gruppene.

Spesialundervisning

Sogndal kommune	2010	2011	2012
Tal elevar med spesialundervisning	135	123	134
Tal elevar med spesialundervisning i prosent	14,5%	12,8%	14,0%
Del av lærartimane til spesialundervisning	24,9%	27,5%	29,6

Kjelde: GSI

Talet på elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, har gått opp samanlikna med 2011, og vi ligg høgare enn både Kostra gruppa (9,1%) og landsnittet (8,5%). Innanfor ei gitt ramme vil konsekvensen av ein høg del spesialundervisning vere at det vert mindre midlar til den ordinære undervisninga, og vanskeleg å t.d. prioritere tidleg innsats og digital kompetanse i samsvar med strategisk skuleplan. Omfanget av midlar nytta til spesialundervisning er redusert i 2013.

Drifts- og rekneskapsresultat
Tenesteområdet har eit samla mindreforbruk på kr. 356 000, sjå omtale under kvart ansvar. Mindreforbruket er tilbakeført eininga i samsvar med fullmakt til rådmannen.

Administrasjon fag og utvikling – ansvar 700
Ansvarsområdet har eit mindreforbruk kr. 65 000 fordelt på fleire budsjettpostar

Felleskonto grunnskulen - ansvar 710
Ansvarsområdet har eit samla mindreforbruk på 332 000 som skuldast innsparing på løn og drift.

Regionalt IKT samarbeid – ansvar 740
Ansvarsområdet har eit meirforbruk kr 40 000 som skuldast refusjonar budsjettert i 2012, men som først vert innbetalt i 2013.

På dei andre ansvarsområda er det mindre avvik knytt til drift.

Resultatmål 2012

Resultatmål	Resultat
Økonomi	
Vi skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet.	Tenesteområdet har eit samla mindreforbruk på kr. 356 000, sjå omtale under drifts- og rekneskapsresultat.
Medarbeidar/interne prosessar	
Vi skal ha gjennomført medarbeidarsamtale for alle med meir enn 20% stilling.	Alle med meir enn 20% stilling har fått tilbod om medarbeidarsamtale.
Sjukefråværet på eininga skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane.	Sjukefråværet på eininga er på 4,2 % mot 4,9 % i 2011. Landsnittet for kommunane er på 9,9 %.
Utviklingsoppgåver	
Vi skal busetje minst 20 flyktningar i 2012.	Det er busett 23 flyktningar i 2012 medrekna familiesameining.
Vi skal tilby norskopplæring seinast 3 månader etter at vi har motteke søknad eller krav om opplæring.	Vi har halde fristane.
Eksamensresultat både skriftleg og munnleg for elevane våre på norskopplæringa skal liggje minst på landsnittet.	Vi ligg over eller likt med landssnittet på norskprøve 3 skriftleg og munnleg. Vi ligg under landssnittet på norskprøve 2 munnleg og skriftleg.
Vi skal i 2012 prøve ut lærebøker/læremiddel/digitale hjelpemiddel på nynorsk.	Vi har prøvd ulike lærebøker/læremiddel/ digitale hjelpemiddel på nynorsk, og elevar som har ynskt lærebøker på nynorsk, har fått det.
Vi skal gjennomføre kommunal strategi for busetjing av flyktningar med vekt på å a) samordne planen i samfunnskunnskap og det tilbodet deltakarane får på Fjøra Intro b) gje alle deltakarane i introduksjonsprogrammet individuell plan c) lage eit opplegg for heilskapleg informasjon om barnehage, skule og helsestasjon til barnefamiliar d) opprette eit dialogforum med representantar frå innvandrargrupper i kommunen og politisk og administrativt nivå e) legge til rette for aktivitet på Fjøra Intro som støttar opp om språk- og arbeidskvalifisering f) vidareføre prosjekt reinhald som eit tilbod om arbeidstrening g) prøve ut eit opplegg med Redd Barna med frivillige som støttespelarar for enkeltfamiliar.	a) Vi har samordna planen i samfunnskunnskap og det tilbodet deltakarane får på Fjøra Intro. Opplegget har fungert godt. b) Alle deltakarane i introduksjonsprogrammet har fått individuell plan c) Tiltaket er sett i gang, og vil verte ferdigstilt i 2013. d) Tiltaket er ikkje sett i gang. Dette er og eit tiltak i frivilligstrategien og vil verte prioritert i 2013. e) Tiltaket er sett i gang. f) Tiltaket er gjennomført. g) Tiltaket er sett i gang i samarbeid med Redd Barna.
Vi skal auke talet på frivillige knytt til frivilligsentralen med 30 personar.	Talet på frivillige har auka frå 260 personar i 2011 til 322 personar i 2012.
Vi skal gjennomføre regional ikt strategi med vekt på å a) ferdigstille løns-, økonomi- og personalsystemet og vurdere integrasjon med andre fagsystem b) vurdere nytt dataprogram for kvalitetssystemet c) vurdere nytt sak/arkivsystem.	a) Punktet er gjennomført, men det står att noko arbeid i 2013 når det gjeld integrasjon med andre fagsystem b) Vi har kjøpt inn nytt dataprogram for kvalitetssystemet. c) Punktet er ikkje gjennomført – her ventar vi kva fylkeskommunen vel å gjere.
Vi skal delta på KS sitt effektiviseringsnett-	Alle skulane har delteke i nettverket.

verk for vurdering skule.	
Vi skal delta i Ny Giv prosjektet.	Begge ungdomsskulane har delteke med opplæring av lærarar med vidareformidling til dei andre skulane i kommunen. Berre Kvåle skule har hatt elevar i målgruppa i 2012.
Vi skal gjennomføre eit utviklingsprosjekt knytt til tilpassa opplæring/spesial-undervisning i regi av Statsped Vest/Sogn regionråd.	Prosjektet er starta opp og vil verte vidareført i 2013.
Vi skal utarbeide ein kompetanse- og rekrutteringsplan for grunnskulen	Alle tilsette har gjennomført kompetanse-kartlegging. Arbeidet med rekrutteringsplanen vil verte vidareført i 2013.
Vi skal gjennomføre samhandlingsprosjektet folkehelse og førebyggjande helsearbeid saman med Luster kommune og Leikanger kommune.	Tiltaket er gjennomførd, med m.a. utarbeidng av grunnlag for felles frisklivssentral.
Vi skal slå saman fond og legat, jf. eigarskapsmeldinga.	Arbeidet er starta opp og vil bli vidareførd i 2013
Vi skal gjennomføre ROS-analysar for kritiske funksjonar i kommunen.	Punktet er gjennomført. Formannskapet handsama ROS-analysen i møte den 25.101.12.
Vi skal gjennomføre sal av Kjørnes V.	Tiltaket er ikkje gjennomførd sidan, men vil bli følgd opp når reguleringsplan er godkjent og VVA-anlegg bygd ut.

3.14.4 Politisk verksemd

Innhald i tenesteområdet.
Tenesteområdet inneheld politisk styring, overformynderi, forliksråd og andre nemnder og utval.

Nøkkeltal Kostra

Administrasjon, revisjon og politisk styring	Sogndal 2010	Sogndal 2011	Sogndal 2012	Gruppe 8 2012
Brutto driftsutgifter politisk styring i kr. pr. innbyggjar	361	381	347	331
Brutto driftsutgifter til kontroll og revisjon i kr. pr. innbyggjar	111	80	99	69
Brutto driftsutgifter til administrasjon i kr. pr. innbyggjar	1 973	2 100	2 432	2 919

Vi nyttar marginalt meir enn Kostra gruppa på politisk styring, kontroll og revisjon, og vi nyttar vesentleg mindre til administrasjon. Ressursbruk til administrasjon har auka i forhold til 2011. Differansen mellom kommunen og Kostra gruppa når det gjeld administrasjon utgjer om lag 3,6 mill. kroner i 2012.

Drifts- og rekneskapsresultat.
Rekneskapsresultat
Området har eit meirforbruk på totalt kr. 59 000.

Politisk styring – ansvar 750
Ansvarsområdet har eit mindreforbruk kr 6 000 fordelt på ulike budsjettpostar.

Overformynderiet – ansvar 760
Ansvarsområdet har eit meirforbruk på kr. 119 000 og er knytt til godtgjersle og kjøp av konsulenttenester.

Forliksrådet – ansvar 761
Forliksrådet har eit budsjett på kr 13 000. Det er ikkje utgifter for forliksrådet i 2012.

Andre nemnder og utval – ansvar 769
Mindreforbruk kr. 40 000 er fordelt på fleire budsjettpostar.

Drift
Kommunestyret har i 2012 hatt 6 møte og handsama 64 saker. Det er same tal møte som året før, og 12 færre saker enn i 2011. I løpet av året har kommunestyret fått meldt inn 1 interpellasjon og 21 spørsmål i samband med open spørjetime. Kommunestyret har hatt dialogmøte med alle tenestene i aprilmøtet og følgjande vore tema på møta i løpet av året:
- Kommunal planstrategi for Sogndal kommune 2012 – 2016.
- Beredskap – orientering frå fylkesberedskapssjefen og frå ordførar/rådmann.
- Orientering om SF revisjon IKS v/Marianne Vara.
- Skule – tidleg innsats v/tenesteleiar Kaupangr skule Geir Navarsete.

Formannskapet har hatt 13 møte og har handsama 100 saker. Dette er 1 møte meir enn året før og 12 færre saker enn i 2011.

Forvaltningsutvalet har hatt 10 møte og handsama 121 saker. Det er same tal møte som året før, og 20 fleire saker enn i 2011.

Administrasjonsutvalet har hatt 2 møte og handsama 2 saker i 2012. Det er eit møte meir enn året før og 1 sak meir enn i 2011.

Oppnemnde sakskomitear i 2012

Namn på sakskomitè:	Oppnemnd dato Sakskordførar	Tal medlemar	Tal møte	Avslutta - vedtak
Revisjon av ruspolitisk handlingsplan	01.12.2011 Arnt E. Nordheim	5	8	Vedtak i kommunestyre 14.06.2012, K.sak 18/12. (Arkivsaknr. 11/3599)
Strategi for kommunen si samhandling med frivillig sektor	19.01.2012 Bjørn Skjeldestd	4	14	Vedtak i kommunestyret 13.12.12. K. sak 57/12. (Arkivsaknr. 11/3052)
Sakskomite – Politisk reglement.	16.02.2012 Endre Timberlid	3	4	Vedtak i kommunestyret 06.09.12 K. sak 44/12. (Arkivsaknr. 12/602)
Sakskomite – Hovudplan for trafikktrygging	19.04.2012 Bjørn Skjeldestad	5	7	Vedtak i kommunestyre 13.12.2012, K.sak 60/12 (Arkivsaknr. 12/1462)
Sakskomite helse, sosiale tenester, pleie og omsorg	19.04.2012 Arvid Stenehjem	9	1	Vurdert i samband med arbeidet med økonomiplanen for 2013-2016. Kommunestyre 13.12.12.sak 64/12. (Arkivsaknr. 12/1267)
Sakskomite for barn og unge, barnehage og skule	19.04.2012 Laura Kvamme	8	1	Vurdert i samband med arbeidet med økonomiplanen for 2013-2016. Kommunestyre 13.12.12.sak 64/12. (Arkivsaknr. 12/1266)
Sakskomite kommunalteknikk, plan og næring. kultur og kommunal planlegging	19.04.2012 Ove Ellingsen	8	1	Vurdert i samband med arbeidet med økonomiplanen for 2013-2016. Kommunestyre 13.12.12.sak 64/12. (Arkivsaknr. 12/1265)
Sakskomite for revisjon av kommunal plan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse 2013 - 2106	27.09.2012 Ivar Slinde	5		Oktober 2013. (Arkivsak 12/3315).

Vedlegg nr. 1

ÅRSMELDING KRAFTFOND II

Etter fondet sine vedtekter §5 andre avsnitt skal årsrekneskap for kraftfond II leggjast fram saman med kommunen sin rekneskap og godkjennast av kommunestyret. Med det fullstendige rekneskapsoversyn skal vere vedlagt ei skrifteleg analyse av fondsforvaltinga i vedkommande rekneskapsår, og ein tilsvarande plan for det nye året. Dette vil inngå som ein del av årsmeldinga om verksemda for fondet og skal, etter handsaming i formannskapet, leggjast fram som ein del av kommunen sitt årsoppgjer. Årsoppgjer for 2012 vert lagt fram som ein del av kommunen sitt årsoppgjer, og formannskapet som fondsstyre handsamar dette i ei sak, med tilråding til kommunestyret.

Årets avkasting:

Avkastning bank	kr	666 759
Avkastning pengemarknadsfond/ obligasjonsfond/aksjefond	kr	1 174 221
Renter på lån Sogndal fotball AS	kr	401 191
Sum avkastning	kr	2 242 171

Verdipapirfond: Sjå note 11 i rekneskapen s.13

Grunnkapitalen skal kvart år aukast med eit så stort beløp at realverdien av kapitalen vert oppretthalden dvs. tilsvarande auke i konsumprisindeksen.

Bruk av avkastingsfond 2012

Investering	**Rekneskap 2012**	**Budsjett 2013**
Feiemaskin	300 000	
Kaupanger kyrkjegard	248 154	
Sentrumspark	206 123	
Fjordstien		235 000
Parkering Gunvordalen		250 000
	754 277	485 000

Drift		
Utfartsparkering	250 000	
Tilskot orgel fellesrådet	100 000	
Tilskot bygdebok Kaupanger	100 000	
Tilskot badeanlegg Luster	300 000	
Avsett til seinare fordeling	50 000	
Tilskot til studentveka	25 000	
Sogndal kulturhus, ref lånekostnad		500 000
Sogndal kulturhus, forskot spelemidlar		2 500 000
Sum	775 000	3 000 000

Grunnkapital pr. 31.12.2012

Grunnkapital - investeringsfond

IB 01.01.2012	19 163 419
Sogndal fotball	902 150
Utlån Sogndal fotball	-1 500 000
UB 31.12.2012	**18 565 569**

Grunnkapital - driftsfond

IB 01.01.2012	5 276 838
Avsetjing overskot 2011	1 032 000
UB 31.12.2012	**6 308 838**

Grunnkapital - Utlån:

Sogndal fotball	15 834 898

Avkastningsfond

IB 01.01.2012	6 862 958
Avsetjing 2012	2 242 171
Bruk av fond 2012	-1 529 277
UB 31.12.20101	**7 575 852**

Plassering av fondsmidlar pr. 31.12.2012

Av grunnkapitalen er kr. 11,15 mill. plassert i Sparebanken Sogn og Fjordane med vilkår tilknytt 1 mnd. Nibor + margin, kr. 2,91 mill. er plassert i i obligasjonsfond, kr. 3,32 mill. i pengemarknadsfond og 7,5 mill. i aksjefond. (jf. note 10 i rekneskapen). Pr 31.12.2012 er om lag 18 % av grunnkapitalen plassert i aksjefond. Kommunen sin finansstrategi er vedteken med ei norm på 25%.

Grunnkapital	**2000**	**2001**	**2002**	**2003**	**2004**	**2005**	**2006**	**2007**	**2008**
Ubunde investeringsfond	41 867	34 254	34 253	34 253	32 276	17 625	15 845	16 295	16 295
Ubunde driftsfond					3 151	3 151	3 151	3 151	3 602
Utlån Sogndal Fotball						15 331	15 855	15 856	15 856
Utlån Kaupanger IL							2 000	2 000	2 000
Sum grunnkapital	**41 867**	**34 254**	**34 253**	**34 253**	**35 427**	**36 107**	**36 851**	**37 302**	**37 753**
Avkastning									
Årleg avkastning	1 459	3 251	1 192	4 120	3 713	2 089	2 197	1 167	378
Akkumulert avkastning	1 459	4 710	5 902	10 022	13 735	15 824	18 021	19 139	19 517

Grunnkapital	**2009**	**2010**	**2011**	**2012**	**2013**	**2014**	**2 015**	**2 015**	**2 017**
Ubunde investeringsfond	16 295	16 295	19 163	18 566					
Ubunde driftsfond	3 602	5 277	5 277	6 308					
Utlån Sogndal fotball	16 106	16 106	15 237	15 835					
Utlån Kaupanger IL	2 000	2 000	0	0					
Sum grunnkapital	**38 003**	**39 678**	**39 677**	**40 709**	**0**	**0**	**0**	**0**	**0**
Avkastning									
Årleg avkastning	2 145	2 035	-119	2 242					
Akkumulert avkastning	21 662	23 697	23 578	25 820					